

Norsk landbruksforskning

Norwegian Agricultural Research

8 JAN. 1991

Vol. 4 1990 Nr. 3

NISK, BIBLIOTEKET



70266712

Norsk institutt for skogforskning

Biblioteket

P.B. 61 - 1432 ÅS-NLH



Statens fagtjeneste for landbruket, Ås, Norge
Norwegian Agricultural Advisory Centre, Ås, Norway

NORSK LANDBRUKSFORSKING / NORWEGIAN AGRICULTURAL RESEARCH

Norsk landbruksforskning er en fortsettelse av Meldinger fra Norges landbrukshøgskole og Forskning og forsøk i landbruket og dekker et publiseringsbehov for norske forskningsresultater innenfor fagområdene: Akvakultur/*Aquaculture*, Husdyrbruk/*Animal Science*, Jordfag/*Soil Science*, Landbruksteknikk/*Agricultural Engineering and Technology*, Naturgrunnlag og miljø/*Natural Resources and Environment*, Næringsmiddelteknologi og hygiene/*Food Technology*, Plantedyrking jord- og hagebruk/*Crop Science*, Skogbruk/*Forestry*, Økonomi og samfunnsplanlegging/*Economics and Society Planning*.

Tidsskriftet har abstrakt, figur- og tabelltekster, overskrift samt nøkkelord på engelsk.

Articles published in the journal will always contain titles, abstracts, key words and figures and tables legends in English.

Ansvarlig redaktør/Managing Editor, Jan A. Breian

Fagredaktører/Subject Editors

Even Bratberg	Unni Dahl Grue	Rolf Horntvedt	Trygve Skjevdat
Rolf Enge	Knut Heie	Atle Kvåle	Jon Stenc
Ketil Gravir	Arne Hermansen	Fridtjov Sannan	Steinar Tveitnes

Redaksjonsråd/Editorial Board

Sigmund Christensen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag

Birger Halvorsen, Norsk institutt for skogforskning

Sigmund Huse, Norges landbrukshøgskole, Institutt for biologi og naturforvaltning

Ådne Håland, Særheim forskingsstasjon

Åshild Krogdahl, Institutt for akvakulturforskning

Karl Alf Løken, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag

Toralv Matre, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag

Einar Myhr, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag

Nils K. Nesheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for økonomi og samfunnsfag

Kjell Bjarte Ringøy, Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning

Ragnar Salte, Institutt for akvakulturforskning

Martin Sandvik, Norsk institutt for skogforskning

Hans Sevattal, Norges landbrukshøgskole, Institutt for planlag og rettslære

Bal Ram Singh, Norges landbrukshøgskole, Institutt for jordfag

Arne Oddvar Skjelvåg, Norges landbrukshøgskole, Institutt for plantekultur

Anders Skrede, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag

Grete Skrede, Norsk Institutt for næringsmiddel forskning

Kjell Steinsholt, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag

Arne H. Strand, Norges landbrukshøgskole, Institutt for meieri- og næringsmiddelfag

Hans Staaland, Norges landbrukshøgskole, Institutt for biologi og naturforvaltning

Asbjørn Svensrud, Norges landbrukshøgskole, Institutt for skogfag

Geir Tuttoren, Norges landbrukshøgskole, Institutt for tekniske fag.

Odd Vangen, Norges landbrukshøgskole, Institutt for husdyrfag

Sigbjørn Vestrheim, Norges landbrukshøgskole, Institutt for hagebruk

Kåre Årsvoll, Statens plantevern

UTGIVER/PUBLISHER

Statens fag tjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*, Moerveien 12, 1430 Ås, Norway. Norsk landbruksforskning/*Norwegian Agricultural Research* (ISSN 0801-5333) blir utgitt med fire hefter pr. år som utgjør et volum. Hvert hefte skal være på ca. 100 sider. Abonnementsprisen er NOK 400,- pr. år. Eventuelle supplementer vil bli sendt gratis til abonnenter, men kan bestilles separat hos utgiveren.

KORRESPONDANSE/CORRESPONDENCE

All korrespondanse av redaksjonell eller forretningsmessig karakter skal sendes til Statens fag tjeneste for landbruket/*Norwegian Agricultural Advisory Centre*.

Dyrkingsverdi av 38 søtkirsebærsortar basert på resultat frå markforsøk

An evaluation based on the field performance of 38 cultivars of sweet cherries

JONAS YSTAAS & ODDMUND FRØYNES

Statens forskingsstasjonar i landbruk, Ullensvang forskingsstasjon, Lofthus, Noreg
The Norwegian State Agricultural Research Stations, Ullensvang Research Station, Lofthus, Norway

Ystaas, J. & O. Frøyenes 1990. An evaluation based on the field performance of 38 cultivars of sweet cherries. Norsk Landbruksforskning 4: 115-126. ISSN 0801-5333.

The commercial value of 38 sweet cherry cultivars from the early mid-season to late ripening period is assessed on the basis of fruit size, fruit quality including fruit firmness, rain-induced fruit cracking and fertility of the trees. Production of the dark sweet cherry cultivars 'Frühe Meckenheimer', 'Vista', 'Kristin', 'Ulster' and 'Van' is recommended for the fresh fruit market along with the white-fleshed cultivars 'Merton Glory', 'Vega', 'Victor', 'Sue' and 'Rainier'. The dark cultivars 'Stella' and 'Huldra' are recommended for home gardens because of their outstanding ability of self-fertility and winter hardiness, respectively.

Key words: Cultivars, fruit cracking, fruit quality, sweet cherry

Jonas Ystaas, Ullensvang Research Station, N-5774 Lofthus, Norway

Søtkirsebær har slike krav til veksevilkår og klima at sortar som er utvikla på stader med høgare sumarvarme og lengre vekstsesong kan likevel oppnå fullgod utvikling i Noreg (Way et al. 1982, Ystaas 1985, Ystaas 1988). Det finst eit stort sortsmateriale i søtkirsebær. Den mest systematiske utprøvinga av søtkirsebærsortar har vore utført i Danmark, der dyrkingsverdien av 215 sortar er undersøkt dei siste 30 åra (Christensen 1989).

Ved utvelging av sortar for yrkesdyrkinga vert det lagt størst vekt på fruktstorleik, fruktkvalitet, fruktene si evne

til å tola regn utan å sprekka og bereevna til trea. Dei førstnemnde eigenskapane kan ein skaffa pålitelege opplysningar om etter 3-4 avlingsår i ei sortsamling. Bereevna treng ein fleire avlingsår for å gje ei sikker vurdering av. Dette er bakgrunnen for at det er naudsynt å gjennomføra omfattande sortsforsøk med søtkirsebær.

Denne meldinga omfattar resultat frå eit sortsforsøk som vart gjennomført på Ullensvang forskingsstasjon i åra 1979-89. Forsøket omfattar 38 sortar med mogningstid frå fyrst i juli til midt i august.

MATERIALE OG METODAR

Forsøkestrea vart planta våren 1979 og omfatta 38 sortar. Det vart nytta eitt år gamle tre, og grunnstamma var F12/1. Planteavstanden var 6 x 4 m som gjev 42 tre/dekar. Kulturmåten var gras med ei 1 m brei vegetasjonsfri stripe langs tre-rekkjene. Forsøket vart lagt ut som blokkforsøk med 3 gjentak og eitt tre på kvar forsøksrute. Trea kom i bearing i

1982, og forsøket vart avslutta hausten 1989. Trea vart forma med ei gjennomgåande midtstamme. Trehøgda vart avgrensa til 4 m ved hjelp av skjering.

Jorda på forsøksfeltet var grushaldig sandjord med høgt moldinnhald. Næringstilstanden vurdert etter kjemiske jordanalyser, var svært god (tabell 1). Årleg gjødsling var 50 kg fullgjødsel (18-3-15) per dekar.

Tabell 1. Næringstilstand, jordreaksjon og glødetap i jorda på forsøksfeltet
Table 1. Major nutrients, pH and loss on ignition in the soil of the experimental orchard


År Year	mg pr. 100 g jord mg/100 g soil					Glødetap, prosent Loss on ignition, percent
	K	Mg	Ca	P	pH	
1983	22	11	107	16	5.9	7.4
1988	32	12	122	20	5.5	

Kor mykje nedbør det kjem i mogningstida, er avgjerande for utprøving av søtkirsebærsortane si evne til å tola regn før fruktene sprekk. Fig. 1 syner at 5 av 8 avlingsår har hatt mindre nedbør i juli enn normalt (68 mm) i Ullensvang. Det har likevel vore slik fordeling av nedbøren at alle sortane i forsøket i løpet av forsøksperioden har vore grundig testa for tendensen til sprekk.

Haustinga vart gjennomført i 2-3

omgangar omkring optimal mogningstid, og gjennomsnittleg haustedato er oppført i tabell 3, der sortane er ordna etter mogningstid. For kvar hausting vart det teke ut prøvar på 50 frukter som grunnlag for oppteljing av sprukne frukter, fastsetjing av fruktvekt og kvalitetsgranskningar. Avlingsregistreringane omfatta heile avlinga, også sprukne frukter. Prosent oppløyst tørrstoff vart bestemt med eit Atago bordrefraktometer. Kor trykkfaste søtkirsebæra var, vart undersøkt med apparatur og etter metodar utvikla av Kvåle (1976). På grunnlag av målingar som representerer data frå 1-4 år, vart sortane delte i lauskjøta med innsynking større enn 0,60 mm og fastkjøta med innsynking mindre enn 0,60 mm.

I laboratorieforsøk vart sprekkindeksen bestemt etter ein metode utvikla av Verner (1957) og modifisert av Christensen (1972). Sprekkindeksen gjev opplysningar om kor lett fruktene sprekk i regn. Ein sprekkindeks på 100 fortel at alle fruktene sprakk etter 2 timars nedsenking i destillert vatn. Dersom sprekkindeksen er 0, har ingen frukter sprukka etter å vera nedsøkte i 6 timar. Sprekkindeksen vart bestemt for



Figur 1. Nedbør i juli i høve til normalen for Ullensvang for dei åtte avlingsåra forsøket omfatta

Figure 1. Precipitation in July in Ullensvang during the eight cropping years

alle sortane i to år, 1988 og 1989. Fruktene som vart nytta, var fullmogne. Resultata står oppførde som middeltal i tabell 3.

RESULTAT OG DRØFTING

Blømingstid

Dei fleste søtkirsebærsortane er avhengige av krysspollinering. Det er difor viktig at blømingstida for sortar det er aktuelt å planta saman, overlappar einannan. Til vanleg fell blømingstida for søtkirsebærsortane så godt saman at ulik blømingstid ikkje er noko problem. Av tabell 2 går det fram at våren 1988 var dei fleste sortane i full bløming 14 og 15 mai. Avviket var berre 2 dagar frå tidlegblømande 'Knauff' og 1-2 dagar for seintblømande 'Sam', 'Oksehjarta' og 'Jubilee'. Men i år med unormale klimavilkår kan blømingstida verta mykje uttrekt, slik som til dømes i 1989. Då var 'Knauff' i full bløming 14 dagar før og 'Sam' 7 dagar seinare enn hovudtyngda av sortane.

Pollinering og sterilitetsgrupper

Med nokre få unntak er søtkirsebærsortane sjølvsterile. Det må føregå ei krysspollinering mellom ulike sortar for at frøinga skal verta vellukka. Dessutan finst det grupper av sortar som har ei slik genetisk samansetjing at sortar innan same gruppa ikkje kan frøa kvarandre. Det er i alt 16 kjende sterilitetsgrupper hjå søtkirsebær (Redalen 1987). Det er enno ikkje fullt klårlagt kva sterilitetsgruppe dei ymse søtkirsebærsortane høyrer heime i. På grunnlag av dei opplysningane som er tilgjengelege (Matthews & Dow 1967, Way 1968, Knight 1969, Lapins 1971, Tehrani 1985, Brown 1990) er sortane plasserte i sterilitetsgrupper i tabell 2. Sortane i gruppe 0 ('Merton Glory', 'Vista', 'Vega') og gruppe F ('Stella') står i ein særstilling, då dei kan pollinera alle andre sortar. I tillegg kan sortar i gruppe F frøa seg sjølv.

Trestorleik

Sortar som merka seg ut med sterkare vekst enn gjennomsnittet, var 'Magda', 'Merton Premier', 'Stella', 'Emperor Francis' og 'Summit' (tabell 2). Dei mest veiktveksande sortane var 'Büttners', 'Kunze', 'NY 1725', 'Spitze Braune' og 'Sue'. Ei medverkande årsak til at sortar som 'Büttners' og 'NY 1725' har vakse lite, er truleg jordvariasjon på grunn av ujamn matjorddjupn.

Mogningstid

Sortane som var med i forsøket, mognar frå fyrste veka i juli til og med andre veka i august (tabell 3). Dette er samantfallande med den norske salsesongen for søtkirsebær. Tilgangen på dyrkingsverdige sortar er mykje mindre i fyrste halvdel av juli enn seinare. Haustedatoen vil variera noko frå år til år etter klimaet, men over ei årrekke vil dette jamna seg ut. Rekkjefylgja for kva tid sortane mognar, held seg til vanleg stabil frå år til år.

Avling

Avlingstala i tabell 3 er middel for dei 8 fyrste avlingsåra (1982-89). Dei mest riktberande sortane har vore 'Van', 'Huldra', 'Merton Glory', 'Victor', 'Vogue', 'Merton Premier' og 'Ulster'. Sortar som 'Knauff', 'Valeska', 'Kassin', 'Sue', 'Emperor Francis', 'Frühe Meckenheim' og 'Kristin' må også reknast for riktberande. Med få unntak er desse resultata stort sett i samsvar med resultata oppnådde i omfattande danske sortsgranskningar (Christensen 1989). Minst avling har sortane 'Spitze Braune', 'Larian', 'Jubilee', 'Kunze', 'Early Rivers', 'Mona' og 'Knuthenborg' gjeve. Fleire av desse sortane har verdifulle dyrkingsegenskapar, men små avlingar gjer at dei er utan interesse i yrkesdyrkinga.

Dersom ein ser på samla avling for dei åtte åra trea har bore i høve til trestorleiken ved avslutning av forsøket (11 år), kan avlinga uttrykt i kg pr. cm² stammetverrsnitt gje eit mål for kor ef-

Tabell 2. Blømingstid, sterilitetsgrupper, stammeomkrins og avlingseffektivitet for 11 år gamle tre av 38 søtkirsebærsortar
 Table 2. Date of bloom, incompatibility groups, trunk circumference and yield efficiency of 11-year-old trees of 38 sweet cherry cultivars

Sort	Dato for full bløming		Sterilitets-gruppe	Stamme-omkrins, cm	Effektivitet kg/cm ²
<i>Cultivar</i>	<i>Flowering period, dates of full bloom</i>		<i>Incompatibility group</i>	<i>Trunk girth cm</i>	<i>Yield efficiency kg/cm²</i>
	1988	1989			
Kassin	14 mai May	5 mai May	IV	52	0.501
Early Rivers	14	5	I	48	0.220
Frühe Meckenheimer	14	5		52	0.394
Somfleths	14	5		55	0.233
Merton Glory	14	5	0	53	0.538
Magda	15	5		64	0.153
Spitze Braune	14	5		37	0.258
Kunze	15	10	I	36	0.374
Knauff	12	21 april April	IV	53	0.492
Vista	15	5 mai May	0	48	0.392
Valeska	15	5		46	0.584
Vega	15	7	0	54	0.303
Merton Premier	15	7	IV	60	0.456
Victor	14	5	IV	54	0.509
Viva	15	8	IV	42	0.299
Mona	15	5		54	0.189
NY 1725	14	5	II	37	0.488
Larian	15	7		54	0.153
Knuthenborg	14	5		55	0.179
Huldra	14	5		52	0.612
Bada	15	5		45	0.436
Corum	14	5		47	0.281
Vogue	16	10	IV	45	0.743
Kristin	15	5	III	50	0.476
Ulster	14	7	XIII	53	0.502
Summit	15	12		59	0.217
Schmidt	15	5	VIII	48	0.300
Sue	14	5	IV	42	0.654
Jubilee	17	14	II	47	0.209
Sam	16	12		51	0.223
Van	15	5	II	52	0.749
Rainier	14	5	IX	48	0.317
Stella	15	5	F	59	0.225
Oksehjarta	17	10	III	47	0.304
Büttners	14	5	III	35	0.465
Emperor Francis	14	5	III	59	0.317
Grosse Germersdorfer	16	10	III	50	0.319
Vic	16	10	XIII	45	0.506
LSD 5%				13.2	
Middel (Average)	15	6		50	0.383

fektive dei ulike sortane har vore (tabell 2). Stort sett er det godt samsvar mellom medelavlinga til dei riktberande sortane og høge verdiar for avlingseffektivitet. Sterktveksande sortar som til dømes

'Magda', 'Summit' og 'Stella' har låg effektivitet, på same måten som sortar med medels vekstkraft, men med liten bere-evne. Slike sortar er 'Larian' og 'Knuthenborg'.

Fruktstorleik

'Summit' med ei fruktvekt på 11,2 g står i ein særklasse (tabell 3). Men sortar som 'Stella', 'Vega', 'Larian', 'Jubilee', 'Merton Glory', 'Knuthenborg' og 'Van' har også sær store frukter med fruktvekt mellom 8 og 9 g. Ei gruppe på 15 sortar har fruktvekt mellom 7 og 8 g, som også må reknast som mykje tilfredsstillande. I denne gruppa finn ein verdifulle sortar som 'Vista', 'Sam', 'Rainier', 'Kristin', 'Victor' og 'Ulster'. Med unnatak av 'Merton Glory' har sortane med mogningstid i fyrste halvdel av juli fruktvekter mellom 5,2 og 6,3 g. Ein riktberande sort som 'Valeska' (haustedato 20. juli) kan vanskeleg hevda seg med ei fruktvekt på 5,9 g. For sortar som mognar fyrst i sesongen, er dette framleis ein akseptabel fruktstorleik. Fruktstorleiken har stor innverknad på hausteprestasjonane. Haugse (1967) har synt at haustekostnadene for søtkirsebær utgjer om lag 80 prosent av arbeidskostnadene. Fruktstorleiken er difor eit viktig kriterium for utvelging av søtkirsebærsortar med stor dyrkingsverdi.

Innhald av oppløyst tørrstoff

Innhaldet av oppløyst tørrstoff er eit tilnærma mål for sukkerinnhaldet. Sukkerinnhaldet har avgjerande innverknad på korleis søtkirsebæra smakar. Granskingar utførde av Vangdal (1980) set grenseverdien for akseptabel smakskvalitet hjå søtkirsebær til 14,2 prosent oppløyst tørrstoff. Etter dette er det berre ein sort, 'Kassin', som fell igjennom med 14,0 prosent oppløyst tørrstoff (tabell 3). Ei gruppe på 21 sortar har innhald av oppløyst tørrstoff mellom 17 og 20 prosent, som er sær bra. I denne gruppa finn ein veletablerte handelssortar som 'Van', 'Ulster', 'Emperor Francis', 'Merton Premier', 'Sue' og 'Schmidt', men også nyare sortar som 'Kristin', 'Stella' og 'Summit'. Ei gruppe på 5 sortar har eit relativt lågt innhald, 15-16 prosent oppløyst tørrstoff. Dette gjeld 'Knauff', 'Huldra', 'Bada', 'Magda' og 'Merton Glory'.

Fastleik

Kor faste søtkirsebæra er, har mykje å seia for evna til å tola handtering under hausting og marknadsføring. Etter måling med objektive metodar på laboratoriet (tabell 3) kan ein dela sortane inn i to grupper: lauskjøta med innsynking større enn 0,60 mm og fastkjøta der innsynkinga er mindre enn 0,60 mm. Til dei lauskjøta sortane høyrer alle sortane som mognar før 20. juli: 'Kassin', 'Knauff', 'Frühe Meckenheimer', 'Early Rivers', 'Magda', 'Merton Glory', 'Somfleths' og 'Kunze'. Til denne gruppa høyrer også 'Spitze Braune', som det manglar data for, og sortar som 'Merton Premier' og 'Valeska' med noko seinare mogningstid. Til gruppa fastkjøta er det rett å ta med dei 27 andre sortane, også dei seks som det manglar data for. Dei mest fastkjøta sortane er 'Viva', 'Ulster', 'Van', 'Emperor Francis', 'Sam', 'Rainier' og 'Kristin'.

Sprekking

Evna til å tola regn i mogningstida utan at fruktene sprekk og gjer avlinga verdilaus, er ein viktig sortseigenskap (Christensen 1976). Resultat av observasjonar gjennom 8 år finst i tabell 3, og viser at ein sort som 'Kassin' sprekk svært mykje. Heile 43 prosent av avlinga var sprukken og øydelagt som handelsvare. Ein av dei sortane som sprakk minst, var 'Sue', der knapt 10 prosent av fruktene var sprukne. Dei ti sortane som sprakk minst var 'Valeska', 'Bada', 'Knuthenborg', 'Sue', 'Schmidt', 'Magda', 'Kunze', 'Early Rivers', 'Kristin' og 'Ulster'. For desse sortane utgjorde sprekinga frå 5 til 16 prosent av avlinga. Til gruppa av ti sortar som sprakk mest, høyrer 'Jubilee', 'Kassin', 'Büttners', 'Grosse Germersdorfer', 'Vega', 'Vista', 'Van', 'Stella', 'Frühe Meckenheimer' og 'Victor'. Mellom 30 og 44 prosent av avlinga hjå desse sortane sprakk.

Data som finst for spreккеindeksen i tabell 3, byggjer på resultat frå 2 år (1988 og 1989) for fullmogne frukter.


Tabell 3. Mogningstid, avling, fruktvekt, prosent oppløyst tørrstoff, fastleik, prosent sprukne frukter og sprekkeindeks for 38 søtkirsebærsortar, middel for dei fyrste åtte avlingsåra
 Table 3. Harvest date, yield, fruit size, content of soluble solids, fruit firmness, cracking and cracking index of 38 sweet cherry cultivars; averages of the first eight cropping years

Sort Cultivar	Hauste- dato Harvest date	Avling kg/tre Yield kg/tree	Frukt- vekt g Fruit weight g	Oppløyst tørrstoff, prosent Soluble solids, percent	Fastleik mm innsynk. Fruit firmness mm	Sprukne frukter, prosent Cracked fruits, percent	Sprekke- indeks Cracking index
Kassin	7 juli	11.8	5.8	14.0	0.91	43	56
Early Rivers	9 July	5.0	5.6	16.6	0.70	14	32
Frühe Meckenheimer	10	10.6	6.0	16.2	0.79	31	68
Somfleths	10	7.1	6.2	16.8	0.62	24	62
Merton Glory	13	14.8	8.3	15.8	0.64	26	77
Magda	14	6.0	5.8	15.5	0.69	13	58
Spitze Braune	14	3.8	6.3	17.6	-	22	47
Kunze	14	4.7	5.2	17.3	0.61	14	45
Knauff	17	13.8	6.5	15.2	0.84	27	92
Vista	20	8.7	7.7	16.1	0.49	34	91
Valeska	20	12.0	5.9	17.9	0.63	5	45
Vega	21	8.1	8.7	16.3	0.39	36	91
Merton Premier	23	14.2	6.8	17.2	0.65	23	83
Victor	23	14.6	7.4	16.1	0.51	30	76
Viva	24	5.5	7.0	17.5	0.28	20	72
Mona	24	5.0	7.4	17.4	0.44	30	69
NY 1725	25	7.6	7.8	16.4	0.44	22	72
Larian	25	3.9	8.5	17.7	-	24	69
Knuthenborg	25	5.1	8.0	17.4	-	9	34
Huldra	25	16.7	6.9	15.3	0.51	21	72
Bada	26	8.6	7.2	15.3	0.39	7	31
Corum	27	6.0	7.0	20.0	0.43	27	64
Vogue	29	14.4	6.6	16.8	-	24	84
Kristin	29	10.6	7.6	18.8	0.37	16	38
Ulster	29	14.0	7.3	17.2	0.30	16	50
Summit	31	7.4	11.2	17.3	-	20	75
Schmidt	31	6.4	6.8	17.2	0.43	12	48
Sue	31	11.4	7.0	17.5	0.45	10	55
Jubilee	31	4.6	8.4	14.9	0.41	44	67
Sam	1 aug.	5.8	7.7	16.3	0.36	17	38
Van	1 Aug.	19.4	8.0	18.7	0.34	34	89
Rainier	3	7.3	7.6	18.4	0.37	26	58
Stella	4	7.8	9.1	17.3	0.38	33	61
Oksehjarta	5	6.5	7.5	17.6	0.53	29	60
Büttners	6	9.3	7.1	19.4	0.37	41	58
Emperor Francis	6	10.7	6.8	17.9	0.35	29	52
Grosse Germersdorfer	7	7.8	7.5	16.2	-	38	69
Vic	7	7.9	6.8	19.1	-	27	52
LSD 5%		4.4	0.6	1.1		7.3	11.2
Middel (Average)		9.1	7.2	17.0	0.50	24	62

Dersom ein samanliknar resultata frå oppteljing av sprukne frukter i markforsøket med sprekkeindeksen, er 8 av 10 sortar dei same for sortar som har liten

tendens til sprekking. Men for dei sortane som sprekk mykje, sprikjer resultata, slik at berre 4 av 10 sortar er dei same. Av fig. 2 går det fram at det er

sikker samanheng ($r=0,48^{**}$) mellom observert sprukne frukter i feltforsøk og sprekkeindeksen. Skilnadene mellom resultatata frå målingane av sprekkeindeksen og observert sprekkeprosent i forsøksfeltet er likevel så store at sprekkeindeksen ikkje kan seiast å vera særleg påliteleg som testmetode.



Figur 2. Samanhengen mellom prosent sprukne frukter observerte ved hausting og sprekkeindeksen for 38 søtkirsebærsortar for åra 1988-89
 Figure 2. Relationship between percentage of cracked fruits of 38 sweet cherry cultivars during harvest, and cracking index of the 1988 and 1989 seasons

Omtale og vurdering av sortane

På grunnlag av resultatata som er presenterte i tabell 2 og 3, kan ein gje fylgjande vurdering av dyrkingsverdien av dei 38 sortane som har vore med i granskninga.

'Kassin'

Gamal tysk sort av ukjent opphav frå 1860 (Dähne 1964). Sorten mognar fyrste veka i juli. Mørke, lauskjøta frukter som sprekk lett. Kvaliteten er ikkje tilfredsstillande. Trea er friske og riktberande, sterilitetsgruppe IV. Sorten har tidlegare vore tilrådd i yrkesdyrkinga, men bør no skiftast ut med 'Frühe Meckenheimer'.

'Early Rivers'

Gamal engelsk sort av ukjent opphav frå 1872 (Grubb 1949). Mørke lauskjøta frukter som sprekk lite. Mogningstida er andre veka i juli. Kvaliteten er god. Trea

er veiktveksande og er mykje utsette for gummiflod. Avlingane har vore små. Sorten har tidlegare vore tilrådd i yrkesdyrkinga, men bør no skiftast ut med 'Frühe Meckenheimer'.

'Frühe Meckenheimer'

Tysk sort av ukjent opphav frå 1940 (Dähne 1964, Götz 1970). Mørke, lauskjøta frukter som sprekk lett. Frukstørleiken er etter måten bra. Kvaliteten er god. Trea har medels sterk vekst og er friske og riktberande. Då mogningstida stort sett fell saman med 'Kassin' og 'Early Rivers', er dette ein aktuell sort i yrkesdyrkinga til avløyning for dei to gamle sortane.

'Somfleths'

Tysk sort av ukjent opphav (Götz 1970). Ljose frukter som er relativt store til å mogna i fyrste halvdel av juli. Frukta har god kvalitet, men er lauskjøta og toler lite handtering. Avlinga er under middels, og sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Merton Glory'

Engelsk sort ('Ursula Rivers' x 'Noble') frå John Innes Institute 1947 (Brooks & Olmo 1972). Ljose frukter med raud dekkfarge på solsida som har ekstra god størleik og mognar omkring midten av juli. Frukten er lauskjøta, sprekk medels og toler lite handtering. Trea er riktberande. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe 0 og kan såleis nyttast til pollensort for alle andre søtkirsebærsortar. Sorten er mest aktuell som pollensort og til sal på lokalmarknaden.

'Magda'

Sveitsisk sort (fri avbløming av 'Basler Adler') frå Wädenswil 1973 (Aeppli et al. 1983). Mørke frukter av god kvalitet som mognar kring midten av juli. Dei er relativt små, og avlinga er under middels. Trea er sterktveksande og friske. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Spitze Braune'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Götz 1970). Mørke frukter av god kvalitet som mognar kring midten av juli. Dei er relativt store og lauskjøta. Treet er veiktsaksande og gjev små avlingar. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Kunze'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Götz 1970). Frukten er ljose, små og sprekk lite. Dei er lauskjøta og toler lite handtering. Kvaliteten er god. Sorten mognar midt i juli og høyrer til sterilitetsgruppe I. Trea er veiktsaksande og gjev små avlingar. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Knauff'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Dähne 1964). Frukten er mørke og middels store. Dei er lauskjøta og kvaliteten er under middels. Sorten sprekk lett. Trea har medels vekstkraft og er riktberande. Sorten mognar midt i juli, då det er stor trong for ein god mørkfarga sort, men kvaliteten held ikkje mål. Sorten er difor ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Vista'

Kanadisk sort ('Hedelfinger' x 'Victor') frå Vineland 1958 (Dickson 1958). Mørke, store og fastkjøta frukter av framifrå god kvalitet. Sorten mognar tredje veka i juli og sprekk mykje. Trea er riktberande. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe 0 og kan såleis nyttast til pollensort for alle andre søtkirsebærsortar. Trass i at sorten har lett for å sprekk, har 'Vista' så mange føremoner kvalitetsmessig at med effektiv dekking med plast i mogningstida er dette ein aktuell sort i yrkesdyrkinga.

'Valeska'

Tysk sort ('Rube' x 'Steckmans Bunte') frå Jork 1966 (Zahn 1985). Mørk, lauskjøta sort med mykje god kvalitet. Sorten som mognar tredje veka i juli, merkar seg ut med lite sprekk. Trea er friske

og riktberande. Alvorlege feil ved sorten er overbering og for små frukter. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Vega'

Kanadisk sort ('Bing' x 'Victor') frå Vineland 1967 (Brooks & Olmo 1972). Ljose og fastkjøta frukter som mognar tredje veka i juli. Ingen ljofrukta sort har så store frukter. Frukten må ikkje haustast før dei har fått god dekkfarge, elles vert kvaliteten mykje forringa. Ein alvorleg feil ved sorten er at han sprekk mykje. Trea er ikkje av dei mest riktberande. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe 0 og kan såleis nyttast til pollensort for alle andre søtkirsebærsortar. Trea har ikkje blanda knoppar (blome- og bladanlegg i same knoppen). Dette fører til nakne greinparti som kan rettast på ved tilbakeskjering. Trass i veike sider, har 'Vega' så mange føremoner framfor andre ljofrukta sortar at med moderne dyrkingsopplegg med plastdekking er sorten aktuell i yrkesdyrkinga.

'Merton Premier'

Engelsk sort ('Emperor Francis' x 'Bedford Prolific') frå John Innes Institute 1947 (Grubb 1949). Frukten er mørke og lauskjøta og har framifrå god kvalitet. Dei mognar tredje veka i juli, er medels store og har lett for å sprekk. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe IV. Trea er riktberande, og fruktsetjinga vert ofte så stor at fruktstorleiken vert redusert. Sorten har difor mindre interesse i yrkesdyrkinga.

'Victor'

Kanadisk sort (fri avbløming av 'Windsor') frå Vineland 1925 (Brooks & Olmo 1972). Frukten er ljose og fastkjøta. Mogningstida er tredje veka i juli. Frukten er medels store og har lett for å sprekk. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe IV. Avlinga må haustast i fleire omgangar for å oppnå god dekkfarge og god smaks kvalitet. Trea er friske og riktberande. Sorten er aktuell i yrkesdyrkinga.

'Viva'

Kanadisk sort (fri avbløming av 'Victor') frå Vineland 1973 (Tehrani & Dickson 1973). Fruktene er mørke, medels store, fastkjøta og mognar siste veka i juli. Dei har framifrå kvalitet og har medels tendens til sprekking. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe IV. Trea er veiktvek-sande med hengande greiner. Avlingane har vore for små, og sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Mona'

Amerikansk sort ('La Cima' x 'Chapman') frå Davis, California 1964 (Brooks & Olmo 1972). Mørke, store og fastkjøta frukter som mognar siste veka i juli. Fruktene har god kvalitet og sprekk mykje. Trea har bore for lite, og sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'New York 1725'

Amerikansk seleksjon ('Giant' x 'Emperor Francis') frå Geneva, New York 1962 (Way 1990). Mørke, store og fastkjøta frukter som mognar siste veka i juli. Fruktene har god kvalitet, men har lett for å sprekk. Trea har moderat vekst. Avlinga har vore under middels. Seleksjonen er mindre verdfull enn 'Kristin' og vil ikkje få namn.

'Larian'

Amerikansk sort ('Lambert' x ('Bing' x 'Black Tartarian')) frå Davis, California 1964 (Brooks & Olmo 1972). Mørke, særst store og fastkjøta frukter med framifrå kvalitet. Sorten som mognar siste veka i juli har lett for å sprekk. Den mest alvorlege feilen sorten har, er at avlingane er altfor små. Dette gjer at sorten ikkje er aktuell i yrkesdyrkinga.

'Knuthenborg'

Dansk sort av ukjent opphav (Christensen 1974). Mørke, store og fastkjøta frukter, som sprekk lite og har god kvalitet. Sorten som mognar siste veka i juli, har diverre alt for små avlingar, og er såleis ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Huldra'

Svensk sort ('Erienne' x 'Allmän Gulröd') frå Balsgård 1989. Sorten er utprøvd ved Institutt for hagebruk, Norges landbruks-høgskole og Ullensvang forskingsstasjon som Balsgård 20406. På grunnlag av gode resultat med nummersorten i Noreg, fekk seleksjonen namn i 1989 (Ystaas & Vestrheim 1989).

Sorten har medels store, mørke frukter som mognar i siste veka av juli. Fruktenene har god kvalitet og er medels faste. Dei har medels tendens til sprekking. Trea er friske og riktberande, berre 'Van' hadde større avling i dette forsøket. Sorten mognar på ei tid med fleire storfrukta sortar med framifrå kvalitet. 'Huldra' er difor ikkje aktuell i yrkesdyrkinga. Sorten er vinterherdig (Vestrheim 1989) og har difor størst verdi for småhagar der ein legg vekt på evna til å overleva kalde vintrar kombinert med god bereevne og god frukt-kvalitet.

'Bada'

Amerikansk sort (fri avbløming av 'Ord') frå Davis, California 1964 (Brooks & Olmo 1972). Ljose, medels store, fastkjøta frukter som mognar siste veka i juli. Lite særmerkt smak og relativt lågt sukkerinnhald. Fruktene sprekk uvanleg lite. Sorten er utsett for stort kartfall. Dette tyder på at sorten ikkje er heilt tilpassa norske dyrkingsvilkår, og er såleis ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Corum'

Amerikansk sort av ukjent opphav frå Oregon, 1961 (Brooks & Olmo 1972). Ljose, fastkjøta frukter av framifrå god kvalitet. Fruktene er medels store og sprekk mykje. Sorten mognar i siste veka av juli. Avlingane har vore for små. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Vogue'

Kanadisk sort (fri avbløming av 'Victor') frå Vineland 1974 (Tehrani & Dickson 1974). Mørke, fastkjøta frukter av god kvalitet. Fruktstorleiken er under middels, og sorten sprekk mykje. Sorten høyrer

rer til sterilitetsgruppe IV. Trea er riktberande. Mogningstida er siste veka i juli, då det finst fleire sortar som er betre. Sorten er såleis ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Kristin'

Amerikansk sort ('Emperor Francis' x 'Gil Peck') frå Geneva, New York 1982 (Way et al. 1982). Sorten har sidan 1969 vore utprøvd ved Ullensvang forskingsstasjon som New York 1599 med så godt resultat at det var ei medverkande årsak til at seleksjonen fekk namn i 1982.

Mørke, faste frukter av framifrå kvalitet. Fruktenes er store og sprekk lite. 'Kristin' mognar i siste veka av juli. Trea er friske og riktberande. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe III (Brown 1990). 'Kristin' er aktuell i yrkesdyrkinga.

'Ulster'

Amerikansk sort ('Schmidt' x 'Lambert') frå Geneva, New York 1964 (Brooks & Olmo 1972). Mørke, faste frukter av mykje god kvalitet. Fruktenes er store og sprekk lite. Mogningstida er siste veka i juli. Trea er friske og riktberande. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe XIII. Sorten er aktuell i yrkesdyrkinga som ein hovudsort.

'Summit'

Kanadisk sort ('Sam' x 'Van') frå Summerland 1973 (Lapins 1974). Mørke, faste frukter av framifrå kvalitet. Fruktenes er uvanleg store, middel fruktvekt 11,2 g, og står såleis i særklasse. Sorten som mognar siste veka i juli, har medels tendens til sprekking. Trea er sterktveksande og har hatt ujamne og for små avlingar. Trass i mange gode eigenskapar, kan difor 'Summit' ikkje tilrådest som aktuell i yrkesdyrkinga.

'Schmidt'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Hedrick 1915). Mørke, faste frukter som sprekk lite. Fruktstorleik og fruktkvalitet er under middels. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe VIII, og mognar siste

dagane i juli. Trea er friske og til vanleg riktberande, men i dette forsøket har avlingane vore små. Sorten kan erstattast av betre sortar, og er ikkje lenger aktuell i yrkesdyrkinga.

'Sue'

Kanadisk sort ('Bing' x 'Schmidt') frå Summerland 1954 (Brooks & Olmo 1972). Ljose frukter med raud dekkfarge på solsida. Fruktenes er medels store, faste og har god kvalitet. Dei sprekk lite. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe IV og mognar siste dagane i juli. Trea er veiktsveksande og riktberande. For tidleg hausting og overbering kan redusera fruktkvaliteten mykje. Sorten er særleg verdifull avdi fruktenes sprekk lite, og må reknast som aktuell i yrkesdyrkinga.

'Jubilee'

Amerikansk sort ('Lambert' x 'Napa Long Stem Bing') frå Davis, California, 1964 (Brooks & Olmo 1972). Store, mørke og faste frukter med kvalitet under middels. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe II og mognar siste dagane av juli. Trea har bore for lite, og sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Sam'

Kanadisk sort (fri avbløming av frøplanta V-160140) frå Summerland 1953 (Brooks & Olmo 1972). Mørke, store og faste frukter som sprekk lite. Kvaliteten er mykje god. 'Sam' mognar fyrste dagane i august. Trea er friske, men gjev små avlingar. Trass i mange gode eigenskapar er 'Sam' ikkje aktuell i yrkesdyrkinga på grunn av sviaktande berevne.

'Van'

Kanadisk sort (fri avbløming av 'Empress Eugenie') frå Summerland 1944 (Brooks & Olmo 1972). Mørke, store og faste frukter av særleg god kvalitet. Fruktenes sprekk mykje i regn. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe II og mognar i månadsskiftet juli-august. Trea kjem tidleg i bering og er riktberande. 'Van' har

hatt større avling i norske sortsforsøk enn andre nyare søtkirsebærsortar (Ystaas 1985, Ystaas 1988), og stadfester også i dette forsøket at sorten framleis er den fremste både i avling og kvalitet. Trass i veike sider som mykje sprekk og større utgang av tre enn vanleg, hevdar sorten seg som ein hovudsart i yrkesdyrkinga.

'Rainier'

Amerikansk sort ('Bing' x 'Van') frå Prosser, Washington, 1960 (Brooks & Olmo 1972). Ljose frukter med raud dekkfarge på solsida. Fruktenes er store og faste og har framifrå kvalitet, men tendensen til sprekk er stor. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe IX og mognar fyrste veka i august. Trea er friske og riktberande. Med effektiv plastdekking er sorten aktuell i yrkesdyrkinga som avlørsar for 'Emperor Francis'.

'Stella'

Kanadisk sort ('Lambert' x 'John Innes 2420') frå Summerland 1968 (Lapins 1971). Mørke, faste og sær store frukter som mognar fyrste veka i august. Fruktenes har mykje god kvalitet, men har sær lett for å sprekk. 'Stella' er den fyrste sjølvfertile søtkirsebærsorten, og kan også pollinera alle andre sortar. Trea er friske og sterktveksande, og bereevne er middels. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga, men kan tilråadast for småhagar der det er ynskjeleg å ha ein søtkirsebærsort som ikkje treng eit ekstra tre av ein pollensort.

'Oksehjarta'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Dähne 1964). Mørke, store og faste frukter som har mykje god kvalitet. Fruktenes mognar fyrste veka i august og sprekk mykje. Avlinga har vore under middels. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Emperor Francis'/'Büttners'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Dähne 1964). I Tyskland er sorten best kjend under namnet 'Büttners Rote

Knorpelkirsche'. Tre av begge sortnamna er med i forsøket. Det er ikkje noko som tyder på at det er ulike sortar ein har med å gjera Dette er også stadfesta gjennom pollineringsforsøk (Way 1968).

Frukta har ljøs saft, men ein brunraud dekkfarge gjev fruktene ein mørkare farge enn vanleg for ljøs-safta sortar. Frukta er medels stor, fastkjøta og har god kvalitet ved full mogning. Diverre vert fruktkvaliteten ofte forringa av for tidleg hausting. Sorten sprekk mykje. 'Emperor Francis' høyrer til sterilitetsgruppe III og mognar fyrste veka i august. Trea er riktberande, men har ikkje blanda knoppar (blome- og blad-anlegg i same knoppen). Dette fører til nakne greinparti, som kan rettast på ved tilbakeskjering. Sorten har hatt ein sikker plass i yrkesdyrkinga, men bør no avlørsast av sortar med betre kvalitet og fruktstorleik, til dømes 'Rainier'.

'Grosse Germersdorfer'

Gamal tysk sort av ukjent opphav (Dähne 1964). Mørke, store og faste frukter som sprekk mykje. Sorten mognar andre veka i august, og kvaliteten er god. Sorten høyrer til sterilitetsgruppe III. Trea har medels bere-evne. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

'Vic'

Kanadisk sort ('Bing' x 'Schmidt') frå Vineland 1958 (Dickson 1958). Mørke, faste frukter av mykje god kvalitet. 'Vic' mognar i fyrste halvdel av august. Fruktstorleik og bereevne er middels. Tendens til sprekk er medels-stor. 'Vic' høyrer til sterilitetsgruppe XIII. Sorten er ikkje aktuell i yrkesdyrkinga.

SAMANDRAG

Dyrkingsverdien av 38 søtkirsebærsortar med mogningstid frå fyrste veka i juli til andre veka i august er undersøkt i markforsøk i åra 1979-89. I vurderinga av sortane er det lagt størst vekt på

fruktstorleik, fruktkvalitet, kor faste fruktene er, fruktene si evne til å tola regn utan å sprekkja og kor friske og riktberande trea har vore.

Av sortar med mørkraud farge er 'Frühe Meckenheimer', 'Vista', 'Kristin', 'Ulster' og 'Van' tilrådde for yrkesdyrking saman med dei raudgule sortane 'Merton Glory', 'Vega', 'Victor', 'Sue' og 'Rainier'. For småhagebruket vert den sjølvfertile sorten 'Stella' og den vinterherdige 'Huldra' tilrådd.

LITTERATUR

- Aeppli, A., W. Gremminger, C. Rapillard & K. Röthlisberger 1983. 100 Obstsorten. Landwirtschaftliche Lehrmittelzentrale, Wädenswil. s. 158-159.
- Brooks, R. M. & H. P. Olmo 1972. Register of new fruit and nut varieties. Second edition. University of California Press. Los Angeles, London. s. 183-200.
- Brown, S. K. 1990. Personleg melding (Personal communication).
- Christensen, J. Vittrup 1972. Cracking in cherries. III. Determination of cracking susceptibility. *Acta Agriculturae Scandinavica* 22: 128-136.
- Christensen, J. Vittrup 1974. Numerical studies and morphological characteristics of 41 sweet cherry cultivars. II. *Tidsskrift for Planteavl* 78: 303-312.
- Christensen, J. Vittrup 1976. Revnedannelse i kirsebær. *Tidsskrift for Planteavl* 80: 289-324.
- Christensen, J. Vittrup 1989. En vurdering af 215 sødkirsebærsorters dyrkingsverdi. *Stensiltrykk, Årslev*, 50s.
- Dähne, D. 1964. Kritische Untersuchungen zur Sortenbenennung and Sortenbereinigung bei Süskirschen. Dissertation, Hannover, 194 s.
- Dickson, G. H. 1958. Vista, Venus and Vic sweet cherries. *Ontario Hort. Expt. Sta. & Prod. Lab. Rpt. for 1957-58*. s. 43-44.
- Grubb, N. H. 1949. *Cherries*. Crosby Lockwood & Son, London, 186 s.
- Götz, G. 1970. *Süss- und Sauerkirschen*. Verlag Eugen Ulmer, Stuttgart, 234 s.
- Haugse, L. 1967. Kva kostar det å produsera søtkirsebær? *Gartneryrket* 57: 154-155.
- Hedrick, U. P. 1915. The cherries of New York. *New York Dep. Agr. Annual Report* 22: 185-186.
- Knight, R. L. 1969. Abstract bibliography of fruit breeding and genetics to 1965. I *Prunus*. Eastern Press, London. s. 540-544.
- Kvåle, A. 1976. Trykkskadar og fastheit hjå søtkirsebær. *Frukt og Bær*: 77-80.
- Lapins, K. O. 1971. Stella, a self-fruitful sweet cherry. *Canadian Journal Plant Science* 51: 252-253.
- Lapins, K. O. 1974. Summit sweet cherry. *Canadian Journal Plant Science* 54: 851.
- Matthews, P. & K. P. Dow 1967. Studies of sweet cherries. Incompatibility groups. *John Innes Institute Ann. Report* 1966, 57: 30-31.
- Redalen, G. 1987. Pollinering og fruktsetting hos frukt- og bærvækster. Institutt for fruktdyrking, Norges Landbrukshøgskole. *Stensiltrykk nr. 29*: 27-29.
- Tehrani, G. & G. H. Dickson 1973. 'Viva' sweet cherry. *Hort Science* 8: 340.
- Tehrani, G. & G. H. Dickson 1974. 'Vogue' sweet cherry. *Hort Science* 9: 151.
- Tehrani, G. 1985. Cherry cultivars, sweet and tart. I Fruit cultivars. *Hort. Res. Inst. Ontario. Publication* 430: 25-32.
- Vangdal, E. 1980. Threshold values of soluble solids in fruit determined for the fresh fruit market. *Acta Agriculturae Scandinavica* 30: 445-448.
- Verner, L. 1957. Procedure for determining resistance of sweet cherry varieties to fruit cracking. *Fruit Var. Hort. Digest* 12: 3-4.
- Vestrheim, S. 1989. Forsøk med søtkirsebær ved Institutt for hagebruk, NLH. *Frukt og Bær*: 45-49.
- Ystaas, J. 1985. Improvement of sweet cherry varieties grown in Norway. *Acta Horticulturae* 169: 127-130.
- Ystaas, J. 1988. Dyrkingsverdi av 10 søtkirsebærsortar basert på resultat frå markforsøk. *Norsk Landbruksforskning* 2: 137-143.
- Ystaas, J. & S. Vestrheim. 1989. 'Huldra' ein herdig søtkirsebærsort for småhagebruket. *Norsk Landbruksforskning* 3: 1-4.
- Way, R. D. 1968. Pollen incompatibility groups of sweet cherry clones. *Proc. Amer. Soc. Hort. Sci.* 92: 119-123.
- Way, R. D., K. G. Livermore, R. C. Lamb & J. Ystaas 1982. 'Kristin' sweet cherry. *Hort Science* 17(6): 986-987.
- Way, R. D. 1990. Personleg melding (Personal communication).
- Zahn, F. G. 1985. The cultivation of sweet cherries in Jork, FRG. *Acta Horticulturae* 169: 85-89.

Arbeidsbehov og kostnader ved kålplanting

1. Arbeidsbehov

Labour requirements and costs of cabbage transplanting

1. Labour requirements

LIV LYGSTAD

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Kise forskingsstasjon, Nes, Hedmark, Norge.

The Norwegian State Agricultural Research Stations, Kise Research Station, Nes, Hedmark, Norway.

Lyngstad, L. 1990. Labour requirements and costs of cabbage transplanting. 1. Labour requirements. Norsk Landbruksforskning 4:127-134. ISSN 0801-5333.

The times taken to perform different work operations during the transplanting of cabbage were registered for eight different combinations of transplanters and plant types. Average times for the different work operations were calculated on the basis of these results and used to calculate the labour requirement for transplanting three hectares of cabbage. The plant density was 38 500 per hectare. For all types of machine the highest capacity was obtained by using cell-raised plants. The labour requirement for the machine with a cup carousel was 35.6 man hours per hectare for all work including lifting, transport and planting. For the machine with discs the labour requirement was 41.0 man hours, and for the machine with conveyors plus holders it was 42.4 man hours per hectare. It is not possible to use the transplanter with a cup carousel for bare root plants. Machines with conveyors plus holders were the fastest alternative taking 54.4 man hours per hectare, while machines with discs required 60.6 man hours.

Peat block plants were transplanted fastest by using machines with a cup carousel (42.4 man hours per hectare). Using machines with discs took 68.4 man hours. The highest labour requirement was found when the peat blocks were separated before transporting to the field and then planted using a transplanter with no feeding mechanism. The labour requirement was then 75.4 man hours per hectare for lifting, separating, transport and planting.

Key words: Cabbage, labour requirements, semi-automatic machines, time studies, transplanting.

Liv Lyngstad, Kise Research Station, N-2350 Nes, Hedmark, Norway.

Det aller meste av kålarealet i Norge plantes med halvautomatiske plantemaskiner. De har en matemekanisme eller utmater som fører

plantene fra operatørens hand og ned i jorda. Inntil for få år siden var roterende skråstilte skivepar den mest brukte matemekanismen. Nå er

andre typer matemekanismer mer vanlig brukt. Det er maskiner med gripere festet til et roterende kjede og maskiner med kopprullett. Den sistnevnte typen kan bare plante planter med jordklump. De to andre maskintypene kan også plante barrotplanter. Tre plantetyper er vanlig brukt. Det er barrot-, torvblokk- og pluggplanter.

I denne meldingen presenteres resultater fra driftstekniske undersøkelser av kålplantingsarbeidet. Undersøkelsene har omfattet ulike typer plantemaskiner og planter. Det er registrert hvilke metoder som er benyttet og arbeidsforbruket knyttet til metodene. På grunnlag av registreringene er gjennomsnittstider for ulike arbeidsoperasjoner beregnet. Gjennomsnittstidene kan brukes til beregning av arbeidsbehovet for planting av forskjellige arealstørrelser. Arbeidsbehovet defineres som det antall person-timer som trengs for å gjennomføre en bestemt produksjon under bestemte arbeidsforhold når arbeidet utføres ved normal ytelse og etter en definert metode (Henriksson, R. 1970).

Undersøkelsene av kålplantingsarbeidet har

vært en del av prosjektet: «Ulik innsats av produktionsfaktorer i planteproduksjonen», som finansieres av Norges landbruksvitenskapelige forskningsråd. Arne Steinar Sollien har vært fagassistent i prosjektet.

MATERIALE OG METODER

Omfang

I årene 1986 til 1989 ble det utført 19 driftstekniske undersøkelser av kålplanting med ulike plantemaskiner hos dyrkere i Hedmark. De fleste av undersøkelsene omfattet bare arbeidet på åkeren. Arbeidet med opptak av planter fra oppalingssted og transport av planter til åkeren, ble undersøkt på 1-2 steder for hver plantetype.

Det ble også utført tidsstudier av planting med forskjellige plantemaskiner og plantetyper på en demonstrasjonsdag og i en undersøkelse på Kise forskingsstasjon.

Totalt antall undersøkelser av hver kombinasjon av plantemaskin og plantetype framgår av tabell 1.

Tabell 1. Antall driftstekniske undersøkelser av hver kombinasjon av plantemaskin og plantetype.
Table 1. The number of investigations for each combination of transplanter and type of plant.

Plantemaskinens matemekanisme <i>Feeding mechanism on transplanter</i>	Barrot <i>Bare root</i>	Plantetype <i>Type of plant</i>		
		Oppdelt torvblokk <i>Separate peat blocks</i>	Torvblokk <i>Peat blocks</i>	Plugg <i>Cell- raised</i>
Uten matemekanisme		2		
<i>No feeding mechanism</i>				
Skråstilte skiver.....	3		4	2
<i>Discs</i>				
Gripere på kjede	1			4
<i>Conveyor with holders</i>				
Kopprullett			4	10
<i>Carousel</i>				

Metoder og organisering av arbeidet

Dyrkerne hadde sjøl plastveksthus for oppal av planter. Ved oppal av barrotplanter ble frøene breisådd i ett 5 cm tykt torvstrølag på bakken i plastveksthuset. Det var ca 700 planter pr m².

Før planting ble plantene rykket opp og plassert i kasser. Opptak av planter foregikk samtidig med plantingene.

Torvblokkene ble presset og sådd med maskin. Blokkene ble plassert på brett, som stod på

bakken i plastveksthuset i oppalingsperioden. Brettene hadde utvendig mål 30 cm x 50 cm. Antall blokker pr brett varierte med størrelsen på blokkene, men mest vanlig var mellom 100 og 130 blokker pr brett. Blokkene stod tett inn-til hverandre på brettet, og når plantene ble store, kunne røtter vokse inn i naboblokkene.

Ved opptak av torvblokkplanter ble det benyttet to ulike framgangsmåter. Noen dyrkere valgte å skille blokkene med planter før transport til åkeren. Brettene med planter ble båret ut til ett enkelt arbeidsbord der plantene ble skilt fra hverandre og plassert i kasser. Kassene ble stablet og satt bort for transport. Andre valgte å transportere brettene med planter direkte til åkeren. Brettene ble plassert på fire paller som ble transportert til åkeren. Traktoren hadde dobbel pallegaffel både foran og bak. Oppdelingen skjedde samtidig med plantingen.

Pluggbrettene var 40 cm x 60 cm store og antall celler pr brett varierte. Det vanligste ved oppal av vinterkål var brett med 160 celler. Under oppalet ble pluggbrettene plassert på stativ slik at røttene ikke vokste ut gjennom drenshullet. Jordklumpen ble på denne måten godt gjennomvokst med røtter, og plantene var lette å trekke ut av cellene under plantingen. Stativene var flyttbare og hadde plass til seks pluggbrett. Stativene ble stablet oppå hverandre på traktortilhenger og transportert til åkeren. Plantene ble plassert enten i den ene eller i begge radene, avhengig av radlengdene.

I forbindelse med vending ble plantene lesset over på plantemaskinen. Som regel deltok traktorføreren i dette arbeidet. Barrotplantene ble tatt ut av transportkassene, sortert og lagt på hylle på plantemaskinen. Brettene med torvblokker ble også plassert på hyller. De oppdelte torvblokkplantene var plassert i brett som kunne stables oppi hverandre. En person kunne derfor lesse flere brett samtidig på plantemaskinen.

Alle plantemaskinene hadde lagerplass for flere planter enn de operatørene kunne nå under plantingsarbeidet. Bare hos en dyrker ble det praktisert å skifte brett i fart. Ved bruk av brettkarusell unngikk en å stoppe plantinga før alle plantene i karusellen var brukt opp.

Driftstekniske undersøkelser

Ved tidsstudiene på åkeren ble plantingsarbeidet delt opp i disse deloperasjonene:

- lessing av planter i radene
- planting i rad
- brettskift i raden
- av- og påstigning
- vending
- stopp for stein
- annet arbeid og personlige behov

Tidsstudiene ble utført manuelt med stoppeklokke. Arbeidsforbruket for hver deloperasjon ble registrert. Gjennomsnittstider for hver deloperasjon er beregnet på grunnlag av arbeidsforbruket hos dyrkerne. Det ble også registrert hvilken radavstand og planteavstand som ble brukt, størrelsen på feltet, hvor mange planter det var plass til på plantemaskinen, hvor mange planter som ble lesset i hver radende og hvor mange personer som deltok i de ulike deloperasjonene.

Kapasiteten for planting i rad blir i dette arbeidet oppgitt som antall planter pr time og som hastighet i km pr time. Kjørehastigheten er avhengig av planteavstanden, og for å kunne sammenligne de ulike hastighetene er de omregnet til kjørehastighet ved 40 cm planteavstand. Ved omregning er det forutsatt at kjørehastigheten er proporsjonal med planteavstanden. Dette begrunnes med at operatørene på plantemaskinen skal arbeide under samme vilkår og med samme tempo uansett planteavstand.

RESULTATER

Opptak av planter

Barrotplantene ble ved opptak rykket opp og plassert i kasser som rommet opptil 1400 planter. De fulle kassene ble båret ut og plassert i skygge i påvente av transport til åkeren. Arbeidsbehovet er beregnet til 1,4 min pr 100 planter. Denne tida inkluderer bæring til mellomlager.

To metoder for opptak av torvblokkplanter

Tabell 6. Standardavvik for noen viktige parametre med og uten korreksjon for covarians. Eget materiale.


Table 6. Standard deviation with and without adjustment for covariance. Own calculations

Variabel Variable	r	Standard avvik Standard deviation		Prosentvis reduksjon Reduction in st.dev. (%)
		uten korr without adjustment	med korr with adjustment	
Melkeytelse <i>Milk yield</i>	0.68	3.21	2.36	27
Fett, % <i>Milk fat (%)</i>	0.30	0.28	0.27	5
Protein, % <i>Milk protein (%)</i>	0.39	0.19	0.17	8



Figur 1. Antall kyr pr forsøksledd (n) som er nødvendig for å oppdage reell differanse i daglig melkeytelse med sannsynlighet P. Fullstendig randomisert forsøk (Gill 1968).

Figure 1. Number of cows required per treatment group (n) to detect true mean differences in daily milk yield with probability P. Completely randomized design.



Figur 2. Antall kyr pr forsøksledd (n) som nødvendig for å oppdage reell differanse i daglig melkeytelse med sannsynlighet P. Randomisert blokkforsøk (Gill 1968).


Figure 2. Number of cows required per treatment group (n) to detect true mean differences in daily milk yield with probability P. Randomized block design.

ledd før langt ut i laktasjonen. Det er blitt vist at føringen av høyttytende melkekyr de første ukene av laktasjonen har en stor innflytelse både på toppytelse og total melkeproduksjon. Det er derfor ønskelig med så kort standardiseringsperiode som mulig. Reduserer vi standardiseringsperioden (1–2 uker) får vi imidlertid en be-

tydelig reduksjon av korrelasjonen for melkeytelse (Tabell 7) og dermed mindre effektivitet av covariansanalysen.

d. Faktorielle forsøk

Det vil ofte være aktuelt å studere virkningen av to eller flere forsøksvariabler samtidig. Dersom



Figur 3. Antall kyr pr forsøksledd (n) som er nødvendig for å oppdage reell differanse i daglig melkeytelse med sannsynlighet P. Covarians analyse (Gill 1968).

Figure 3. Number of cows required per treatment group (n) to detect true mean differences in daily milk yield with probability P. Covariance analysis.

virkingen av to variabler er uavhengige av hverandre kan presise estimater oppnås i samme undersøkelse med de samme dyrene for begge variablene. Dette gir en mer effektiv utnyttelse av ressursene.

Tabell 7. Korrelasjon (r) mellom melkeytelse i standardiseringsperioden (laktasjonsuke 1, 2 eller 3) og middel ytelse i forsøksperioden (5.-24. laktasjonsuke). Eget materiale.

Table 7. Correlations (r) of daily milk yield in the standardization period (week 1, 2 or 3) with mean daily milk yield in the comparison period (weeks 5-24). Own calculations.

Laktasjonsuke nr Lactation week	r
1	0,05
2	0,49
3	0.68

Spesielt i energi- og proteinundersøkelser er en interessert i eventuelle *samspilleffekter* mellom fôrstyrke og proteinkvalitet. Om vi f.eks. har to fôrstyrkenivåer kan det være av interesse å se om det er forskjell i respons for proteinkvalitet mellom fôrstyrkenivå:

Energiniivå	Proteinkvalitet
Høyt	God
	Dårlig
Lavt	God
	Dårlig

Slike forsøk kalles faktorielle og er mye brukt i undersøkelser på melkeku. Alle kontinuerlige forsøk kan organiseres faktorielt.

Den statistiske modellen for et faktorielt forsøk kan skrives

$$Y_{ijk} = \mu + A_i + B_j + AB_{(ij)} + e_{ijk}$$

I dette eksempelet er A_i effekten av energi, B_j effekten av proteinkvalitet og $AB_{(ij)}$ samspilleffekt. Med mindre en av faktorene er en tilfeldig variabel, skal all test av hovedeffekter og samspilleffekt testes mot rest (e_{ijk}). Hvis samspilleffekten ikke er signifikant, eller liten, må oppmerksomheten rettes mot hovedeffektene. En stor samspilleffekt viser at virkingen av en effekt er avhengig av nivået på den andre effekten. Virkingen av hovedeffektene alene vil i en slik situasjon være av mindre interesse.

e. Ombyttingsforsøk

Vi har nå sett på de mest brukte metodene i såkalte kontinuerlige forsøk. Felles for disse er at antall dyr som er nødvendig er relativt høyt, særlig når responsen er liten.

Det er imidlertid utviklet metoder som meget effektivt reduserer feilen. Ved at hvert dyr gjennomløper alle ledd, men til ulik tid, vil den ofte store variasjonen mellom dyr bli fjernet fra forsøksfeilen.

a. Latinsk kvadrat

Av ombyttingsforsøk er latinsk kvadrat det mest brukte. Tabell 8 viser et eksempel på latinsk kvadrat med 3 forsøksledd, A, B og C. Mini-

Tabell 8. Et eksempel på latinsk kvadrat med 3 ledd, A, B og C.

Table 8. Example of Latin square with three treatments.

Periode Period	Dyr Animal		
	1	2	3
1	A	B	C
2	B	C	A
3	C	A	B

mum antall dyr som er nødvendig er likt med antall forsøksledd. Hver periode dyrene står på et ledd er normalt 3–5 uker i gjennomsnitt.

Den statistiske modellen for et ombyttingsforsøk kan skrives:

$$Y_{ijkl} = \mu + A_i + B_j + C_k + e_{ijkl}$$

hvor A_i = effekt av ledd

B_j = effekt av periode

C_k = effekt av dyr


Sammenlignet med kontinuerlige forsøk gir ombyttingsforsøk en drastisk reduksjon i behovet for antall dyr (Figur 4).

Ombyttingsforsøk har imidlertid viktige ulemper som det må tas hensyn til. I et eksempel med 3 forsøksledd vil både ledd, periode og dyr alle ha 2 frihetsgrader (df) hver. Med totalt 8 frihetsgrader blir det bare 2 frihetsgrader til rest. Rest kan imidlertid inneholde følgende samspilleeffekter:

	df
Ledd * Dyr	4
Ledd * Periode	4
Dyr * Periode	4
Dyr * Periode * Ledd	8

Alle disse samspilleeffektene kan ikke testes i et ombyttingsforsøk. Spørsmålet er derfor hva dette betyr i praksis og om det er noen grunn til å ta hensyn til disse effektene.

Samspilleeffekten «Ledd * Dyr» er bare neglisjerbar dersom dyr reagerer likt på samme forsøksledd. Engelske undersøkelser har imidlertid



Figur 4. Antall kyr pr forsøksledd (n) som er nødvendig for å oppdage reell differanse i daglig melkeytelse med sannsynlighet P. Ombyttingsforsøk (Gill 1968).

Figure 4. Number of cows required per treatment group (n) to detect true mean differences in daily milk yield with probability P. Cross-over design.

vist at særlig ved høyt førnivå vil respons være avhengig av kuas produksjonspotensiale.

Samspilleeffekten «Ledd * Periode» er neglisjerbar dersom gjennomsnittlig laktasjonskurve for hvert ledd er parallelle. Laktasjonskurvene er derimot ikke parallelle dersom effekten av forsøksledd bygger seg opp over tid, slik at forskjellen mellom ledd blir større. En slik kumulativ virkning av forsøksledd er imidlertid velkjent i undersøkelser med melkeku.

Samspilleeffekten «Dyr * Periode» er neglisjerbar dersom forskjellen mellom f.eks. to dyr som mottar samme behandling er konstant gjennom laktasjonen. For laktasjonskurvens helling er det imidlertid rapportert en variasjonskoeffisient på hele 60% (Broster og Broster, 1984).

Ved å velge så like dyr som mulig vil en delvis kunne kompensere for disse effektene, men kommer da i konflikt med *representativiteten*.

Muligheten for *ettereffekt* må imidlertid også vurderes i forbindelse med ombyttingsforsøk.

Hvis responsen er påvirket av tidligere forsøk har vi ettereffekt. Det finnes imidlertid flere strategier for å redusere disse effektene:

- * En kan bruke lange perioder og/eller opplysninger bare fra siste del av hver periode. Ved f.eks. perioder på 4 uker kan data fra de to siste ukene brukes.
- * En kan bruke kvadrater balansert for ettereffekt. I balanserte kvadrater vil kombinasjonen av forsøksledd være symmetrisk, d.v.s. alle kombinasjoner av rekkefølge av forsøksledd finnes. Dersom antall forsøksledd er et ulike tall er det nødvendig med to kvadrater (Tabell 9).

Tabell 9. Et eksempel på oppsett med latinsk kvadrat og tre forsøksledd balansert for ettereffekt.

Table 9. Example of Latin square designing of an experiment with three treatments balanced for carryover effects.

Periode Period	Kvadrat 1 Square 1 Dyr Animal			Kvadrat 2 Square 2 dyr Animal		
	1	2	3	4	5	6
1	A	B	C	A	B	C
2	B	C	A	C	A	B
3	C	A	B	B	C	A


b. Gruppeforsøk etter dansk mønster

I Skandinavia har en modifisert utgave av «Switch-back» design vært mye brukt. Forsøket starter og slutter med en standardiseringsperiode. Etter avslutning av den første standardiseringsperioden blir kyrne inndelt i blokker etter kriterier som tidligere nevnt, og står på samme forsøksledd fram til neste standardiseringsperiode (Figur 5).

Den mest anvendte metoden for analysering av dataene er å beregne responsen ved å ta gjennomsnittet for den enkelte ku i periode II minus gjennomsnittet for periode I plus III:

$$\text{respons} = \text{periode II} \div \frac{\text{periode I} + \text{III}}{2}$$

2



Figur 5. Gruppeforsøk etter dansk mønster.
Figure 5. Group experiment according to Danish design.

Forskjell i respons mellom de enkelte forsøksledd blir deretter testet ved en enkel t-test.

En slik forsøksmetode kan imidlertid også analyseres ved hjelp av covarians. Cunningham og Owen (1970) har gjort en interessant sammenligning mellom følgende alternativer for analyse av dataene:

- A. Analyse bare for periode II, uten korreksjon
- B. Periode II korrigert ved covarians (periode I)
- C. Periode II korrigert ved covarians (periode I + III)
- D. Differanse i periode II, relativt til periode I + III (tradisjonell metode)

I denne undersøkelsen var det metode D som var mest effektiv, tett fulgt av metode B og C (Tabell 10). Det ble ikke funnet noen forbe-

Tabell 10. Variasjonskoeffisient for ulike metoder (se tekst) (Cunningham og Owen, 1970).

Table 10. Error coefficients of variation with different methods of analysis.

Variabel Variable	Analysemetode Methods of analysis			
	A	B	C	D
Melkeytelse Milk yield	26.4	6.7	6.6	6.5
Fett % Milk fat (%)	14.0	10.1	10.1	9.7
Fôropptak Dry matter intake	14.2	9.0	9.1	8.6

Tabell 11. Antall dyr pr forsøksledd som er nødvendig for å oppdage en signifikant differanse mellom to ledd med 50% sannsynlighet (Cunningham og Owen, 1970).

Table 11. Number of replications required to detect a significant difference between two treatments with probability $p=0.5$.

	Differanse i daglig melkeytelse (kg) Difference in daily milk yield (kg)			
	0.91	1.36	1.81	2.2
Metode A Method A	289	130	74	48
Metode B Method B	22	11	7	5
Metode D Method D	19	10	6	5

dring av presisjonen ved å korrigere både for forperioden og etterperioden ved covarians, sammenlignet med metode B. Tabell 11 viser antall dyr som er nødvendig for å oppnå en 50/50 sjansje til å oppdage en forskjell mellom to ledd for de ulike analysemetodene.

KRITERIER FOR VALG AV FORSØKSMETODE


Stoffskifteforsøk er velegnet til ombyttingsforsøk, både fordi dyretallet er lite og fordi vi ikke regner med ettereffekt – forutsatt tilstrekkelig lang forberedelsesperiode før neste ledd.

I produksjonsforsøk er det imidlertid mange avveininger som må foretas før vi kan velge metode. Svært ofte er det dyretallet og ressurser stilt til rådighet som vil avgjøre valget. Med få dyr og lite ressurser vil det som regel bare være hensiktsmessig med ombyttingsforsøk. P.g.a. kravet til parallellitet mellom laktasjonskurver kan imidlertid ombyttingsforsøk bare gjennomføres i periodene etter at kyrne har nådd toppytelse, d.v.s. når dyrene er i en stabil fase. I denne perioden faller melkeytelsen med en relativt konstant hastighet, melkas sammensetning endrer seg lite og endring i levendevekt er

regulær og ikke så mye påvirket av endring i kroppens vanninnhold og føroptak.

Det er imidlertid klart at føringen av høytytende kyr de første to månedene etter kalving har stor innflytelse både på toppytelsen og total melkeproduksjon. Ved kontinuerlige forsøk får vi derfor større anledning til å studere virkningen av forsøksledd tidligere i laktasjonen. Vi får også muligheten til å vurdere eventuelle langsiktige virkninger.

Hoekstra (1987) har demonstrert hvilken betydning laktasjonskurvens form har for resultatet i et kontinuerlig forsøk sammenlignet med ombyttingsforsøk.



Figur 6. Gjennomsnittlige laktasjonskurver for en kontrollgruppe K, og alternative forsøksledd H og R. (Hoekstra, 1987).

Figure 6. Average lactation curves of reference treatment K, and alternative treatments H and R.

Figur 6 viser laktasjonskurver for en kontrollgruppe (K) og forsøksledd (H eller R). I det ene tilfellet vil forsøksledd (H) gi to kg melk pr dag mer enn kontrollgruppen etter en overgangsperiode på 2 uker. Resten av forsøks tiden er laktasjonskurvene parallele. I det andre tilfellet (forsøksledd R) er virkningen av ledd kumulativ. Et oppgjør av resultatene som et kontinuerlig forsøk og som et ombyttingsforsøk er vist i Tabell 12. Med kumulativ virkning av ledd er ombyttingsforsøk fullstendig uegnet.

Tabell 12. Forventet forskjell mellom forsøksledd som et kontinuerlig - eller som et ombyttingsforsøk (Hoekstra, 1987)

Table 12. Expected differences between treatments in continuous and changeover set-ups.

Alternativ	Differanse i kg melk	
	Kontinuerlig forsøk <i>Continuous set-up</i>	Ombyttingsforsøk <i>Changeover set-up</i>
H - K	1.93	1.98
R - K	0.55	0.15

VALG AV FORSØKSDYR

For å gjennomføre forsøk kreves det at utvalg av forsøksdyr blir gjort med omtanke. For at resultatene skal ha praktisk gyldighet er det viktig at forsøksdyrene er mest mulig representative for populasjonen. Vi skiller her særlig mellom unge og eldre dyr. Førstekalvsdyr er ikke ferdig utvokste og vil derfor ofte gi en annen respons enn eldre dyr. For andrekalvskyr og eldre kyr blir det derimot normalt ikke foretatt noen inndeling. Teoretisk bør dyrene også være et tilfeldig utvalg fra en besetning, d.v.s. at vi får med både lavtytende og høyttytende kyr. I praksis må en ofte tillemppe dette noe fordi tilgangen på dyr er begrenset.

VALG AV FORSØKSLEDD OG ANTALL OBSERVASJONER

Under planleggingen av et forsøk må en også velge hvor mange forsøksledd en bør ha, og hvilket nivå de bør ligge på.

Generelt kan en fastslå at antall forsøksledd bør være så få som mulig. Dersom vi forventer en lineær respons vil f.eks. 2 forsøksledd være tilstrekkelig, en i hver ende av responsfunksjonen. Ved å øke antall ledd får vi ikke bedre estimat av responsfunksjonen enten punktene ligger på selve linja eller tilfeldig fordelt rundt denne. Tvertimot får vi en mindre sensitiv test p.g.a. færre frihetsgrader til feilen.

Ved å velge forsøksledd i hver ende av responsfunksjonen oppnår vi størst differanse i respons. Med en forventning om størrelsen av denne differansen og kjennskap til variasjonskoeffisienten for egenskapen kan antall dyr som er nødvendig for å oppnå signifikans med en viss sannsynlighet estimeres.

En observasjon vil ofte tilsvare den midlere ukentlige verdi for hver enkelt ku. Et spørsmål som må vurderes ved hvert enkelt forsøk er hvor mange slike observasjoner som er hensiktsmessig, og hvor mange registreringer (daglige observasjoner) som bør ligge bak hver ukentlig observasjon. Med økende antall observasjoner øker lengden av forsøket og dermed også kostnadene. Hensikten er å holde forsøket gående så lenge at effekten av forsøksledd kan finnes, men samtidig så kort som mulig for å redusere kostnadene. I praksis vil dette ofte være et spørsmål om de langsiktige virkningene er viktige eller ikke.

Ved å øke antall registreringer bak hver observasjon reduseres den tilfeldige variasjonen. Ved uavhengige observasjoner er varians på middelet:

$$1 \cdot \sigma^2$$

Ved å doble antall observasjoner vil variansen bli redusert med 50 %. Daglige registreringer fra samme ku er imidlertid ikke uavhengige. Variansen på middelet er da:

$$1 + \frac{(n-1)r}{n} \cdot \sigma^2$$

Hvor r er reproduserbarheten (gjentakegrad)

Basert på reproduserbarheter funnet av Morten Svendsen på førstekalvskyr viser Tabell 13 hvordan variasjonen reduseres relativt for noen viktige responsvariabler ved å øke antall registreringer.

Av responsvariablene har melkeytelse høyest reproduserbarhet. Ved å øke antall melkeveinger fra 1 til 3 ganger pr uke vil variasjonen bli redusert med 20 % og bare 5 % ved å øke antall veinger fra 3 til 6 ganger pr uke. Både fett og proteininnholdet i melka har en noe lavere gjentakegrad. Det bør derfor bli tatt ut representati-

Tabell 13. Relativ reduksjon i standard feilen (%) ved å øke antall registreringer bak hver observasjon fra en til sju ganger pr uke. Gjentaksgard (r) funnet på 1. kalvskyr (M. Svendsen, pers.oppl. 1988).

Table 13. Relative reduction in standard error (%) of weekly mean by increasing days of measurement from one to seven. Repeatability (r) measured on heifers.

Variabel Variable	Gjentaksgrad Repeatability	Dager Days						
		r	1	2	3	4	5	6
Melkeytelse, kg <i>Milk yield, kg..</i>	0.70	0	15	20	22	24	25	26
Fett % <i>Milk fat (%).....</i>	0.50	0	25	33	37	40	42	43
Protein % <i>Milk protein (%).....</i>	0.60	0	20	27	30	32	33	34
Fôropptak <i>Feed consumption ...</i>	0.55	0	22	30	34	36	37	39
Vektendring <i>Body weight change</i>	0.22	0	39	52	58	62	65	67

ve prøver av både fett og protein ved hver melkeveiing.

For vektendring er gjentaksgarden som ventet lav. Med så lav gjentaksgard bør levendevekt hos ku måles 2 eller 3 påfølgende dager hver annen eller hver tredje uke, istedenfor en gang pr uke.

OPPSUMMERING

Spørsmål om valg av metodikk ved energi- og proteinundersøkelser hos melkeku er komplisert. Det må foretas mange vurderinger før en undersøkelse kan starte. Dessverre er det ikke alltid den vitenskapelige mest hensiktsmessige metoden som blir valgt, men den som bevilgningene og praktiske forutsetninger tillater!

En kort oppsummering av noen viktige sider ved valg av metodikk:

- * Energi- og proteinundersøkelser kan inndeles i stoffskifteforsøk (grunnforskning) og produksjonsforsøk.
- * Stoffskifteundersøkelser er intensive og arbeidskrevende, men *nødvendig* for å *forklare* utslag i produksjonsforsøk.
- * Kontinuerlige undersøkelser mest nær forholdene i praksis. Krever mange dyr og store ressurser.

* Ombyttingsforsøk kan under gitte betingelser være et godt alternativ. Krever få dyr og mindre ressurser.

* Ofte er det bevilgningene som avgjør hvor vitenskapelige og presise forsøkene kan gjennomføres.

LITTERATUR

- Blaxter, K.L. 1967. The energy metabolism of ruminants. Hutchinson & Co. (Publ.) Ltd., London
- Broster, W.H. & V.J. Broster 1984. Reviews of the progress of dairy science: Long term effects of plane of nutrition on the performance of the dairy cow. *J. Dairy Res.*, 51:149-196.
- Cunningham, P.J. & F.G. Owen 1970. Statistical methods for sensitivity in dairy cattle feeding experiments. *J. Dairy Sci.*, 54:503-508.
- Gill, J.L. 1968. Sample size for experiments on milk yield. *J. Dairy Sci.*, 52:984-989.
- Hoekstra, J.A. 1987. Design of milk production trials. *Livest. Prod. Sci.*, 16:373-384.
- Miller, E.L. 1982. Methods of assessing proteins for ruminants, including laboratory methods. In: Protein contribution of feedstuffs for ruminants: application to feed formulation. Eds E.L. Miller, I.H. Pike and A.J.H. van Es. London; Butterworths.

Verknad av plantetid, plantetettleik og topping i tre rosenkålsortar

The effects of date of planting, plant density and stopping on three cultivars of Brussels sprouts

GUNHILD BØRTNES

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Njøs forskingsstasjon, Hermansverk, Norge

The Norwegian State Agricultural Research Stations, Njøs Research Station, Hermansverk, Norway

Børtnes, G. 1990. The effects of date of planting, plant density and stopping on tree cultivars of Brussels sprouts. Norsk Landbruksforskning 4: 155-159. ISSN 0801-5333.

Three cultivars of Brussels sprouts, Jade F 1 E, Lunet F 1, and Dorema F 1, were planted on 15 May, 21 May and 1 June respectively. Plant density was fitted for each cultivar and the effect of stopping was tested. The influence of time of planting on yield was mainly related to the length of the growing period. Plant density had no significant effect on the yield of class I sprouts, but a low plant density increased the sprout size. In Jade F 1 E and Lunet F 1, stopping increased the yield and sprout size. Internal browning increased with increasing sprout size in the cultivars Lunet F 1 and Dorema F 1.

Key words: Brussels sprouts, internal browning, plant density, stopping, time of planting.

Gunhild Børtnes, Njøs Research Station, N-5840 Hermansverk, Norway

Det er kjent at faktorane plantetid, plantetettleik og topping verkar inn på mange karakterar i rosenkål (Whitwell & Morris 1981, Babik 1988, Abuzeid & Wilcockson 1989). Målet med dette forsøket var å finna ut kor stor effekt desse tre faktorane hadde på avling kl I, hovudstorleik og indre bladrandskade i tre sortar. I det distriktet der forsøket var lagt ut var indre bladrandskade eit stort problem, og det var særleg viktig å få avklart kor vidt ein ved hjelp av dei nevnde faktorane kunne rå bot med dette. Sortane som vart

valde er ikkje alle like aktuelle i dag, men sorten Lunet F 1 er framleis ein av hovudsortane i konservesdyrkinga her i landet.

MATERIALE OG METODAR

Forsøket vart utført i Lærdal i vekstsesongen 1981. I Lærdal ligg normal middeltemperatur for juni sept. om lag 1°C under middeltemperaturen i dyrkingsområdet kring Oslofjorden. I

1981 var middeltemperaturen juni-sept. i Lærdal 12.6°C, og dette var 0.9°C under det normale.

Det vart nytta ein split-plotplan med 9 randomiserte kombinasjonar av plantetid og sortar på storruter og 6 randomiserte kombinasjonar av topping og plantetettleik på småruter. Forsøket

hadde to gjentak. Sortane som vart nytta var Jade F 1 E, Lunet F 1 og Dorema F 1. Lunet F 1 er ein sein sort, medan dei to andre er tidlege sortar. I tabellen under er det vist dato for såtid, plantetider, toppetider og haustetider for dei tre sortane.

Tabell 1. Dato for såing, planting, topping og hausting for sortane Jade F 1 E, Lunet F 1 og Dorema F 1 (Lærdal 1981).

Table 1. Date of sowing, planting, stopping and harvesting for the cultivars Jade F 1 E, Lunet F 1 and Dorema F 1 (Lærdal 1981).

Sort Cultivar	Såtid Date of sowing	Plantetid Date of planting	Toppetid Date of stopping	Hauستetid Date of harvesting
Jade F 1 E	03.04	15.05	22.07	16.09
	15.04	21.05	05.08	16.09
	28.04	01.06	19.08	07.10
Lunet F 1	03.04	15.05	26.08	22.10
	15.04	21.05	26.08	22.10
	28.04	01.06	02.09	22.10
Dorema F 1	03.04	15.05	12.08	16.09
	15.04	21.05	19.08	07.10
	28.04	02.06	26.08	07.10

Det vart nytta ein radavstand for alle sortane på 65 cm. Plantetettleiken vart justert etter sorten. Jade F 1 E vart planta med plantetettleikane 6154, 4396 og 3419 pr. da. Lunet F 1 med 3846, 3077 og 2564, og Dorema F 1 med 5128, 3846 og 3077 planter pr. da. Storleiken på smårutene var 12,6 m² og på storrutene 75,6 m². Forsøket var lagt på ei lett moldhaldig sandjord med pH 7. Som grunnkjødsling vart nytta 60 kg fullgjødsel A, og det vart overgjødsla tre gonger med kalksalpeter slik at totalt tilført N svara til ca 18 kg pr da.

Oppal og stell av plantene følgde vanleg tilrådning. Mot kålfluge vart det strødd klorfenvinfos ved utplantning, og seinare sprøytevatna med azinfosmetyl første veka i juli då det vart funne kraftig egglegging.

Hastinga vart utført etter kvart som sortane var hausteferdige, med unntak av første plantetid av Jade F 1 E som kunne vore hausta to veker tidlegare. Dei to første plantetidene av Jade

F 1 E vart hausta 16. september, og dei to siste plantetidene av Dorema F 1 7 oktober. Av Lunet vart alle tre plantetidene hausta same dag, 22. oktober.

Totalavlinga av 30 stilkar frå kvar hausterute vart målt. Av totalavlinga vart det teke ut 100 tilfeldig hovud som vart sorterte etter Norsk standard sine krav til kl I, kl II og fråsortert. Hovuda vart gjennomskorne og indre bladrandskade vart registrert som prosent hovud med skade.

RESULTAT

Plantetid

For sorten Jade F 1 E var siste plantetid klart best, og dårlegast var andre plantetid (tabell 2). Dette galt både avling og storleik på hovuda, og auken føl til ei viss grad tal vekstdøgn.

Tabell 2. Verknaden av ulike plantetider og tal vekstdøgn etter planting i tre sortar.

Table 2. The effects of different dates of planting and number of days from planting to harvest in three cultivars.

Sort tid	Plantetid døgn	Vekst-kl I	Avling pr daa	kl I g/hovud	Indre bladrandskade % hovud
Cultivar	Date of planting	Days from planting to harvest	Yield grade I per daa	Grade I g/sprout	Internal browning % sprouts
Jade F 1 E	15. mai	123	1098	7,1	0
	21. mai	117	691	5,6	0
	1. juni	128	1539	7,3	0
LSD 5%			182	1,3	NS
Lunet F 1	15. mai	159	1124	8,3	0,2
	21. mai	153	1240	8,4	0,6
	1. juni	143	554	6,3	0
LSD 5%			108	1,2	NS
Dorema F 1	15. mai	123	671	6,8	0,3
	21. mai	138	1606	9,3	0,2
	1. juni	128	1173	9,0	0,5
LSD 5%		168		1,1	NS

Siste plantetid var klart dårlegast til den seine sorten Lunet F 1 (tabell 2). Høgast avling kl I vart registrert etter planting 21. mai, og avlinga skilde seg sikkert frå planting 15. mai. Dei to første plantetidene gav også større hovud kl I enn siste plantetid. Det var ein tendens til at høgaste avlingsnivået også gav mest prosent hovud med indre bladrandskade. For denne sorten var det ikkje nokon klar samanheng mellom avlingsnivå og tal veksdøger.

Dorema F 1 fekk høgast avling kl I for andre plantetid og første plantetid kom langt dårlegare ut enn andre og tredje plantetid (tabell 2). Første plantetid gav også klart minst hovud av kl I. Indre bladrandskade var ikkje korrelert til avlingsmengd eller hovudstorleik, og skilnaden mellom plantetider var ikkje sikker for denne karakteren. Avlingsmengda fyl til ei viss grad vekstdøger, men første plantetid, som var tidlegare hausta, kom svært dårleg ut.

Plantetettleik

Ingen av dei tre sortane i forsøket gav sikker

skilnad i avling mellom dei ulike plantetettleikane. Derimot gjekk vekta på hovud kl I ned med plantetettleiken for alle sortane (tabell 3). Auken i vekt pr. hovud kl I var statistisk sikker mellom lågaste og høgaste plantetettleik for alle sortane. For Jade F 1 E og Lunet F 1 verka ikkje plantetettleiken inn på prosent hovud med indre bladrandskade. For Dorema F 1 var det sikker skilnad i prosent hovud med indre bladrandskade mellom største og minste planteavstand.

Topping

For sortane Jade F 1 E og Lunet F 1 gav topping auka avling kl I, etter tur 46 og 52 % auke. Dei same sortane fekk auka vekt pr. hovud ved topping (tabell 4), og sterkast var verknaden for Lunet F 1. I Jade F 1 E vart det ikkje registret indre bladrandskade, medan det var sikker auke i skaden etter topping i Lunet F 1. Topping førde ikkje til sikre utslag for Dorema F 1 for nokon av dei parametrane som vart målte i dette forsøket.

Tabell 3. Verknad av ulik plantetettleik på vekt pr. hovud kl I. Sortar: Jade F 1 E, Lunet F 1, Dorema F 1 (Lærdal 1981).

Table 3. Effect of different plant densities on the weight of grade I sprouts. Cultivars: Jade F 1 E, Lunet F 1, Dorema F 1 (Lærdal 1981).

Tettleik 1: Jade F 1 E = 6154, Lunet F 1 = 3846, Dorema F 1 = 5128

Density 2: Jade F 1 E = 4396, Lunet F 1 = 3077, Dorema F 1 = 3846

3: Jade F 1 E = 3419, Lunet F 1 = 2564, Dorema F 1 = 3077

Middel av to gjentak, tre plantetider og toppa og utoppa ledd.

The means of two repetitions, three dates of planting, stopped and unstopped treatments.

Plantetettleik Plant density	g/hovud kl I g/sprout grade I		
	Jade F 1 E	Lunet F 1	Dorema F 1
1	5,7	6,7	7,5
2	6,3	7,5	8,3
3	8,0	8,8	9,3
LSD 5%	0,9	1,0	1,3

Tabell 4. Verknad av topping i to sortar på prosent hovud med indre bladrandskade.

Table 4. The effects of stopping in two cultivars on the percent age of sprouts with internal browning.

Handsaming Treatment	Avling i kg pr/daa kl I Yield in kg per/daa grade I	Vekt pr. hovud kl I Weight per sprout grade I	% hovud med indre bladrandskade % sprouts with internal browning
Jade F 1 E			
Utoppa Unstopped	901	6,1	0
Toppa Stopped	1316	7,2	0
LSD 5%	305	0,9	NS
Lunet F 1			
Utoppa Unstopped	770	6,4	0
Toppa Stopped	1176	8,9	0,5
LSD 5 %	240	1,0	0,4

DISKUSJON

For sortane Jade F 1 E og Dorema F 1 var det klar samanheng mellom avling kl I og tal vekstdøgn, men dette var ikkje tilfelle for sorten Lunet F 1. I denne sorten gav andre plantetid høgare avling av kl I enn første plantetid, sjølv om første plantetid gav fleire vekstdøgn. Det er uvisst kva dette skuldast. I alle tre sortane verka ulik plantetid på hovudstorleiken gjennom avlingsnivået, ved at det høgste avlingsnivået gav større hovud enn det lågaste avlingsnivået. Indre bladrandskade var ikkje påverka av plantetid.

Plantetettleiken hadde større innverknad på hovudstorleiken enn på avlinga i dette forsøket, og dette er i samsvar med resultatata til Abuzeid & Wilcockson (1989). Ved å variera planteavstanden til sortane kan ein regulera hovudstorleiken. Dei tre plantetettleikane som vart nytta til Jade F 1 E er i underkant av det som har vore nytta til denne sorten, og dette er truleg hovudårsaka til at det i dette forsøket ikkje vart funne indre bladrandskade i Jade F 1 E.

I følgje Babik (1988) gir auke i hovudstorleik auke i indre bladrandskade, og ein skulle her forventta meir indre bladrandskade for avtakande plantetettleik. Likevel var det berre for Dorema F 1 denne samanhengen var sikker.

Topping gav auke i avling og hovudstorleik for sortane Jade F 1 E og Lunet F 1, og hjå Lunet F 1 førte auka hovudstorleik til auke i indre bladrandskade.

Forsøket viser at ved å regulera plantealder og plantetettleik er det mogeleg å finna eit optimalt avlingsresultat ved ei viss haustetid. Topping har her gitt auka avlingsnivå for to av sortane. Når avlingsnivået aukar fører dette til større hovud. Risikoen for indre bladrandskade aukar med auka hovudstorleik. Sjølv om resul-

tata i meldinga berre byggjer på tal frå eit felt samsvarar desse med resultat frå andre land (m.a. Babik, 1988, Abuzeid et al. 1989, Whitwell et al. 1981).

SAMANDRAG

Tre sortar, Jade F 1 E, Lunet F 1 og Dorema F 1 vart planta ut 15. mai, 21. mai og 1. juni. Planteavstanden vart tilpassa sorten, og det vart prøvd tre planteavstandar til kvar sort. Det var også lagt inn ledd med topping. Resultata etter dei ulike plantetidene følgde stort sett tal vekstdøgn til hausting for alle tre sortane. Plantetettleiken førde ikkje til sikker skilnad i avling kl I pr. daa, men hadde innverknad på hovudstorleiken. Topping gav sikker auke i avling og hovudstorleik for Jade F 1 E og Lunet F 1. Prosent hovud med indre bladrandskade auka med auka hovudstorleik for Lunet F 1 og Dorema F 1. Utslaga var sikre for Dorema F 1 med aukande planteavstand, og for Lunet F 1 som verknad av topping.

LITTERATUR

Abuzeid, A.E. & S.J. Wilcockson, 1989. Effects of sowing date, plant density and year on growth of Brussel sprouts (*Brassica oleracea* var. *bullata* subvar. *gemmifera*). *Journal of Agricultural Science*. 112: 359-375.

Babik, I. 1988. Yield and some quality properties of Brussel sprouts as affected by time of harvest and cultivar. *Acta Hort.* 220: 511-517.

Whitwell, J.D. & G.E.L. Morris, 1981. Effect of variety, plant density, stopping time and harvest data on drilled Brussel sprouts for processing. *Acta Hort.* 122: 151-165.



Verknad av våtkompostert og ubehandla blautgjødsel, og av jordpakking, på infiltrasjonen av vatn i dyrka jord

The effects of wet composted and untreated cattle slurry, and of soil compaction, on water infiltration rates in cultivated soils

KRISTEN MYHR, ÅDNE HÅLAND & LARS NESHEIM

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Kvithamar forskingsstasjon, Stjørdal, Norge

The Norwegian State Agricultural Research Stations, Kvithamar Research Station, Stjørdal, Norway

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Særheim forskingsstasjon, Klepp, Norge

The Norwegian State Agricultural Research Stations, Særheim Research Station, Klepp, Norway

Statens forskingsstasjoner i landbruk, Vågønes forskingsstasjon, Bodø, Norge

The Norwegian State Agricultural Research Stations, Vågønes Research Station, Bodø, Norway

Myhr K., Å. Håland & L. Nesheim 1990. The effects of wet composted and untreated cattle slurry, and of soil compaction, on water infiltration rates in cultivated soils. *Norsk Landbruksforskning* 4: 161-172. ISSN 0801-5333.

The effects of cattle slurry and tractor traffic on water infiltration rates in grassland were investigated at six Norwegian research stations during the period 1986 to 1988. The effect of untreated and wet composted slurry was compared with that of a compound fertilizer. In 1987 and 1988, 50 tons of slurry per ha was applied in spring, and on one half of the treatment sites the same amount was also applied in autumn. The amount of slurry applied in 1986 was 100 tons per ha in the spring and 100 tons on new sites in the autumn. Tractor traffic (two wheelings) in spring was included in one half of the plots; in 1986 compaction was also carried out in autumn. Measurements of water infiltration rates were taken periodically after fertilization in both spring and autumn. At 3-5 days after slurry application in spring the rate of infiltration in plots with untreated slurry and no compaction was 55 % of that in plots treated with the compound fertilizer. In compacted plots the infiltration rate was 52 %. The corresponding values for wet composted slurry were 70 % and 60 %, respectively. The differences between untreated and wet composted slurry were statistically significant. Later in the growing season the differences between types of fertilizers were small. At 15-20 days after spring fertilization most of the negative effects of slurry on water infiltration had disappeared. The infiltration rates were strongly reduced by compaction. In spring, 3-5 days after fertilization, the water infiltration rate in plots with compaction was 29 % of the rate in plots without compaction. At 30-40 days after fertilization and in autumn the corresponding value was about 64 %.

Key words: Cattle slurry, soil compaction, water infiltration, wet composting

Kristen Myhr, Kvithamar Research Station, N-7500 Stjørdal, Norway

Infiltrasjon er den prosess som foregår når vatn trenger gjennom jordoverflata og sig loddrett ned gjennom matjordsjiktet. Hellingstilhøva og dei fysiske eigenskapane til jorda vil i stor mon avgjere kor stor del av nedbøren som trenger ned, eller renn av på overflata. På flatlendt jord med dårleg infiltrasjonsevne kan vatn bli ståande oppe på overflata i lengre tid. Da vert det lite luft i matjordsjiktet og dårlege veksttilhøve for kulturplantene. Infiltrasjonsevna vert oppgitt i høve til kor fort vatnet sig ned, og som oftast vert det brukt nemninga mm pr. time. Jord som har god infiltrasjonsevne tørkar raskt etter snøsmelting om våren og etter regnversperiodar i vekstsesongen. Etter kvart som stadig tyngre maskinar er tekne i bruk, har dette vorte viktigare. Eriksson (1986) har vist at pakking ved landbrukstrafikk fører til nedsett hydraulisk leiingsevne i topplaget. Myhr & Njøs (1983) har vist at pakking ved traktorkjøring gav fastare jord og mindre grasavlingar. Rognerud (1978) har gjort greie for det teoretiske grunnlaget for infiltrasjon og markvatn. Lundberg (1974) har sett opp eit oversyn over forsøk med måling av infiltrasjon i Norden.

I ei tidlegare gransking på Vestlandet fann Myhr (1984) at både jordpakking og blautgjødsl (gylle) reduserte infiltrasjonsevna sterkt i torvjord. Føremålet med denne nye granskinga var å sjå om dette var tilfelle også på mineraljord, og i andre delar av landet. Det vart også stilt spørsmål om ein ville unngå denne uheldige sideverknaden ved å våtkompostere husdyrgjødsla. Ved våtkompostering blir ein del av det organiske materialet i gjødsla brote ned ved hjelp av mikroorganismar. Det kunne såleis tenkast at våtkompostert gjødsl ville gjere jorda mindre tett. Når ubehandla blautgjødsl vert brukt på overflata på eng, vil ein del av fibermaterialet bli liggande på overflata og tette til porer, medan dei minste fiberpartiklane kanskje vil følgje sigevatnet eit stykke ned i profilet. Etter at den ferske husdyrgjødsla er komen ut på jorda, vert ho angripen av bakteriar som vil utvikle slim som kan sige inn i nærliggande porer, og vidare av soppar som kan sende hyfer inn i poresystema. Dette fenomenet vert kalla biohud, og det kan sette ned infiltrasjonen. Hypo-

tesen var at våtkompostert blautgjødsl skulle gi mindre biohud, og svakare reduksjon av infiltrasjonsevna, enn ubehandla blautgjødsl. At husdyrgjødsl tettar til jorda er tidlegare påvist av m.a. Barrington et al. (1987), Barrington & Madramootoo (1989), Bischoff (1984), og Bottom et al. (1986). Trakk av beitedyr og gjødsl frå beitedyr har også ført til redusert infiltrasjon (Warren et al. 1986).

Problemet med tett jord er størst på stader med kort vekstsesong og mykje nedbør. I praksis kan vanskaner syne seg i form av små avlingar og dårleg overvintring av fleirårige grasartar i eng og beite. Formolda torv og finkorna mineraljordartar har ofte lita infiltrasjonsevne. Biologisk aktivitet i jorda vil auke infiltrasjonen. Meitemark og planterøtter bør nemnast i denne samanheng. Opptørking og sprekking kan på ein dramatisk måte auke jorda si evne til å leie vatn, tele om vinteren er også viktig.

MATERIALE OG METODAR

Forsøksstader, jord og klima

Infiltrasjonsmålingane vart utførte ved seks av Statens forskingsstasjonar i landbruk i åra 1986–1988. I det følgjande vert det gitt ei stutt utgreiing om tilhøva på dei einskilte stasjonane:

1. Særheim, Klepp, Rogaland. Siltig mellomsand. Morenejord med 14 % fråsikt (grus) i matjordsjiktet, og 17 % i sjiktet 25–30 cm. Glødetap i matjordsjiktet var 9 %. 90 m.o.h. Normal årsnedbør 1154 mm.
2. Fureneset, Askvoll, Sogn og Fjordane. Svakt formolda torvjord med omdanningsgrad 6–7 etter von Posts skala. Ei kystmyr. Glødetap i matjordsjiktet var 90 %. 10 m.o.h. Normal årsnedbør 1769 mm.
3. Kvithamar, Stjørdal, Nord-Trøndelag. Lettleire. Havavsetning, med 7 % fråsikt (grus) i matjordsjiktet og 2 % i sjiktet 25–30 cm. Glødetap i matjordsjiktet var 14 %. Stort innhald av meitemark, god struktur og høg biologisk aktivitet. 40 m.o.h. Normal årsnedbør 817 mm.

4. Vågønes, Bodø, Nordland.

Moldjord med stort innslag av mellomsand. Glødetap i matjordsjiktet var 21 %. 25 m.o.h. Normal årsnedbør 1042 mm.

5. Holt, Tromsø, Troms.

Strandavsetning, moldrik siltig mellomsand. Under ploglaget var det grushaldig siltig mellomsand. Det var noko variasjon i lagdelinga og i innhald av grus og stein i jordsmonnet på forsøksfeltet. Det vart funne meitemark i jorda. Eit profil på forsøksfeltet er beskrevet av Sveistrup & Haraldsen (1989). 11 m.o.h. Normal årsnedbør 994 mm.

6. Svanhovd, Sør-Varanger, Finnmark.

Torvjord med formolda ploglag. Torvlaget var 60–80 cm djupt på forsøksfeltet og under torva var det svært stiv leire. Torva under ploglaget hadde omdanningsgrad H 5–6, og det var lågt innhald av bestandig fiber. Glødetap i ploglaget var 86 %. Det var lite biologisk aktivitet og det vart ikkje funne meitemark i jorda. 30 m.o.h. Normalnedbør 358 mm.

Alle felte låg på flate eller svakt hallande areal. I tabell 1 vert vist eit samandrag av ymse jordfysiske parametrar på dei seks felte, med og utan jordpakking.

Tabell 1. Verknad av jordpakking våren 1988, i tre sjikt, Medel for sommar og haust same år på seks forsøksstader.

Table 1. The effects of soil compaction in spring 1988 on soil physical properties in three horizons. Means of measurements in the summer and autumn in the same year on six sites.

Stasjon Station	Sjikt Depth cm	Volumvekt Density gcm ⁻³		Porevolum Porosity %		Drenerbart porevolum Drainable porosity %	
		Upakka No comp.	Pakka Comp.	Upakka No comp.	Pakka Comp.	Upakka No comp.	Pakka Comp.
Særheim	1-5	1,19	1,24	53,6	52,2	12	10
	10-15	1,25	1,28	51,8	50,3	12	10
	25-30	1,25	1,30	52,1	50,9	15	14
Fureneset	1-5	0,24	0,24	83,5	83,9	10	11
	10-15	0,25	0,27	82,9	82,0	11	6
	25-30	0,15	0,14	90,0	90,2	17	13
Kvithamar	1-5	1,19	1,23	53,8	51,8	7	4
	10-15	1,25	1,25	50,9	50,7	5	4
	25-30	1,70	1,73	38,6	37,9	8	7
Vågønes.....	1-5	0,80	0,83	66,7	65,4	8	7
	10-15	0,77	0,76	66,9	67,0	7	7
	25-30	1,33	1,44	49,2	45,5	18	17
Holt.....	1-5	1,25	1,31	53,0	50,9	11	8
	10-15	1,31	1,28	50,3	52,2	8	12
	25-30	1,55	1,48	44,5	46,7	31	25
Svanhovd	1-5	0,26	0,28	83,3	82,0	12	7
	10-15	0,26	0,27	82,8	81,9	11	9
	25-30	0,26	0,25	82,4	82,8	10	9

Utstyr og måling

Til måling av infiltrasjon vart det brukt stive sylindrar av avskårne plastrøyr med innvendig diameter 375 mm. Sylindrane var kvesste på utsida av nedre kant. Etter at jorda var pakka vart sylindrane grupperte ut og slegne 50–60 mm ned i jorda. Det vart så fylt vatn i sylindrane for å kontrollere at infiltrasjonen gjekk nokolunde jamt. Sylindrar med spesiell rask infiltrasjon vart flytta. Etter denne justeringa vart det utført eit blindforsøk i 1–3 dagar. Sylindrane var da på førehand fylte opp med vatn slik at jorda var metta med vatn. I blindforsøksperioden vart bestemt kor rask infiltrasjonen var før gjødsling. Deretter vart det tilført gjødssel i samsvar med forsøksplanen. Alle målingane vart utførte med ein sylinder på kvar målestad. Etter at jorda i alle sylindrane var metta med vatn, vart vassnivået justert til 60 mm over jordoverflata, og registreringa tok til. Det vart korrigerert for nedbør i måleperiodane, men ikkje for eventuell fordamping frå vassflatene i sylindrane. I samband med målingane vart det observert lufttemperatur på alle forsøksstader. På nokre av forsøka vart også registrert jordtemperatur og temperatur på vatnet som vart brukt.

Forsøksplan

Infiltrasjonsmålingane vart utførte på eng. Jordpakkinga vart utført ved to gongers kjøring bak hjul ved bakhjul med 3000 kg tunge landbruks- traktorar med 11" breie dekk bak, og med 800 kg ekstra tyngde av lodd på trekkstengene. Pakkinga vart utført på gjennomgåande ruter etter prinsippet split-plot, like før sylindrane skulle settast ut. Alle forsøka vart flytta eit stykke til sides kvart år, men på nokre av forsøksstadene vart likevel det samme jordstykket pakka alle år. I 1986 vart forsøka også flytta før gjødsling om hausten. Gjødslingsmengder og måleperiodar vart noko endra frå år til år. I 1986 vart det såleis brukt 10 tonn blautgjødssel pr. dekar, og infiltrasjonsmålingane føregjekk samanhengande i 10–14 dagar både tidleg om våren og seint om hausten. I 1987 og 1988 vart tilført 5 tonn blautgjødssel av både ubehandla og våtkompostert vare om våren, og ei like stor mengd i halvparten av dei same sylindrane om hausten. I dei to siste

åra målte vi infiltrasjon i fleire korte periodar om våren, utover i vekstsesongen og om hausten. Føremålet var da å sjå kor lenge tiltettinga av dei ulike gjødseltypane varte.

I alle tre forsøksåra vart vanleg ubehandla blautgjødssel samanlikna med Fullgjødssel. I 1986 og 1987 vart det i tillegg samanlikna to typar våtkompostert blautgjødssel. Den eine typen var behandla i to veker, og den andre i fire veker. Da det seinare synte seg at det vart berre små og tilfeldige skilnader i utslaga for desse to typane i infiltrasjonsmålingane, har vi valt å presentere resultatata for våtkompostert gjødssel som eit medel for desse to behandlingstidene. I 1988 vart i tillegg til vanleg våtkompostert blautgjødssel også prøvd ei tynn våtkompostert vare der fibermaterialet var separert frå ved sedimentasjon og frysing. Forsøka var utlagde etter ein faktoriell plan med tilfeldig fordeling av sylindrane inne på upakka og pakka blokker. For åra 1987 og 1988 var følgjande forsøksfaktorar med i undersøkinga:

Gjentak	4
Upakka og pakka jord	2
Gjødseltypar	4
Gjødslingsmengder om hausten	2
Infiltrasjons-sylindrar i alt	64

I 1986 og om våren i 1987 og 1988 hadde vi dobbel observasjon for kvar gjødseltype på alle forsøksruter.

For 1986 er resultatata presenterte utan korreksjon, ettersom vi ikkje hadde blindforsøksperiode på alle felt. For åra 1987 og 1988 er alle resultat korrigererte etter prinsippet kovarians med observasjonane i blindforsøksperiodane som uavhengig variabel, for upakka og pakka blokker kvar for seg.

Blautgjødsla

I alle åra vart det brukt blautgjødssel frå mjølkekyr. Ubehandla og våtkompostert gjødssel var i utgangspunktet lik, og teke frå same basseng, i same år. Den ubehandla gjødsla vart ført over til eit referanselager samstundes med at gjødssel vart ført over i behandlingsanlegget. I 1986 og 1987 vart komposteringa utført ved 37°C, i 1988 ved 30°C. I 1988 vart gjødsla henta frå eit

Tabell 2. Tørrstoffinnhald og viskositet i gjødsla som vart brukt.
 Table 2. Dry matter concentration and viscosity of the slurry applied.

Eigenskap <i>Property</i>	År <i>Year</i>	Ubehandla blautgj. <i>Untreated slurry</i>	Våtkompostert blautgjødsl <i>Wet composted slurry</i>	Våtkompostert utan fiber <i>Wet composted without fibre</i>
Tørrstoff – % <i>DM conc. %</i>	1986	8,8	8,0	–
Tørrstoff – % <i>DM conc. %</i>	1987	8,1	7,7	–
Tørrstoff – % <i>DM conc. %</i>	1988	5,4	4,8	2,6
Viskositet cps <i>Viscosity, cps</i>	1986	>330	200	–
Viskositet cps <i>Viscosity, cps</i>	1987	>330	140	–
Viskositet cps <i>Viscosity, cps</i>	1988	260	70	20

bruk med særleg sterk føring, og den var truleg også tilsett noko vaskevatt, slik at den var vesentleg tynnare enn i åra tidlegare. Til behandling av blautgjødsla vart brukt ei gjødslpumpe utstyrt med ejetor for innblanding av luft.

I tabell 2 er presentert analyseresultat av gjødsla som vart utsendt til bruk på forsøka. Under våtkomposteringsprosessen har ein del av det organiske materialet i gjødsla vorte brote ned til enklare sambindingar. Tørrstoffinnhaldet har gått ned og gjødsla har vorte tynnare. Viskositet vart bestemt ved hjelp av eit Brookfield LVF rotasjonsviskosimeter, og måleeininga er centipoises (cps). Høge verdiar tyder at gjødsla er seig, medan låge tal indikerer at gjødsla er lettflytande.

RESULTAT

Infiltrasjon om våren

I tabell 3 er det synt eit samandrag av måleresultat for 3–5 dagar like etter gjødsling våren 1987 og 1988. Hovudeffektane av jordpakking og gjødsltypar var signifikante. Vedkomande gjødsltypar var det størst skilnad mellom ube-

handla blautgjødsl og Fullgjødsl. Ved å utelate forsøksleddet med Fullgjødsl fann vi at skilnaden mellom ubehandla blautgjødsl og tilsvarende våtkompostert gjødsl også var statistisk sikker, som vist i tabell 4.

Samspelet gjødsltype x jordpakking var signifikant på fleire av dei einskilde forsøka, men ikkje for alle felt under eitt. Vi har difor valt å legge fram resultatane for både upakka og pakka jord, kvar for seg (tabell 3). Samanlikna med Fullgjødsl reduserte ubehandla blautgjødsl infiltrasjonen til 55 % på upakka og til 52 % på pakka ruter. For tilsvarende våtkompostert gjødsl var infiltrasjonen 70 % på upakka og 60 % på pakka ruter.

På Særheim og på Kvithamar var det vesentleg raskare infiltrasjon i 1988 enn i 1987. Ettersom dette var tilfelle også for Fullgjødsl er det sannsynleg at tilhøve som jordtemperatur, jordstruktur og utvikling av plantedekket på engene spela ei rolle.

Infiltrasjon gjennom vekstsesongen

I tabell 5 er vist korleis jordpakking og ulik gjødsling om våren verka på infiltrasjonen gjennom vekstsesongen. Det meste av ulempene

Tabell 3. Infiltrasjon våren 1987 og 1988. Verknad av ubehandla og våtkompostert blautgjødtsel og av Fullgjødtsel. Medel for 3–5 dagar like etter gjødsling, for 12 forsøk kvar for seg, mm vatn pr. time.

Table 3. Effects of untreated and wet composted cattle slurry and of a compound fertilizer on water infiltration rates (mm per hour) in spring 1987 and 1988. Means of measurements 3–5 days after slurry application and of 12 trials on six sites.

Stasjon Station	År Year	Utan jordpakking No compaction				Med jordpakking With compaction			
		Ubeh. Un- treat.	Våtk. Wet comp.	Fgj. Comp. fert.	LSD 5 %	Ubeh. Un- treat.	Våtk. Wet comp.	Fgj. Comp. fert.	LSD 5 %
Særheim	1987	4,7	5,2	12,5	4,8	1,7	2,1	3,1	0,9
	1988	15,6	23,5	27,5	6,5	6,7	8,6	16,0	7,0
Fureneset	1987	3,0	3,2	5,2	1,4	1,1	1,2	2,1	0,5
	1988	2,2	3,3	5,6	1,2	0,9	1,1	1,6	0,5
Kvithamar	1987	0,8	1,9	4,3	1,1	0,4	0,3	1,0	ns
	1988	8,0	13,5	24,4	10,8	2,0	1,2	9,1	5,0
Vågønes	1987	7,2	8,0	13,6	1,8	4,0	4,5	6,6	0,5
	1988	3,6	4,1	8,2	2,4	2,1	2,5	3,5	0,7
Holt	1987	8,0	10,3	16,1	3,7	2,3	2,6	4,1	1,1
	1988	8,6	10,6	17,8	2,9	5,0	6,2	7,4	ns
Svanhovd.....	1987	24,3	27,4	35,6	4,9	4,1	4,1	4,5	ns
	1988	28,7	36,0	40,6	4,9	2,5	2,5	3,2	0,7
Medel Means		9,6	12,3	17,6	3,8	2,7	3,1	5,2	2,0

Tabell 4. Infiltrasjon våren 1987 og 1988, samanlikning av verknaden av ubehandla og tilsvarende våtkompostert vare. Medel for 12 forsøk, registrert i 3–5 dagar like etter gjødsling, mm vatn pr. time.

Table 4. Effects of untreated and wet composted cattle slurry on water infiltration rates (mm per hour) in spring 1987 and 1988. Means of measurements 3–5 days after slurry application, and of 12 trials on six sites.

Jordpakking	Ubehandla blautgj.	Våtkompostert blautgj.	LSD 5 %	P %
Soil compaction	Untreated slurry	Wet composted slurry		
Upakka jord No compaction	9,6	12,3	1,7	0,6
Pakka jord With compaction	2,7	3,1	ns	10,5
Medel Means	6,2	7,7	1,0	0,4

Tabell 5. Infiltrasjon gjennom vekstsesongen etter gjødsling berre om våren. Medel for 12 forsøk i 1987 og 1988, mm pr. time.

Table 5. Effects of slurry application in spring only on water infiltration rates (mm per). Measurements during the growing season. Means of 12 trials in 1987 and 1988.

Måleperiode Recording period	Utan jordpakking No compaction			Med jordpakking With compaction		
	Ubeh. Un- treat.	Våtk. Wet comp.	Fgj. Comp. fert.	Ubeh. Un- treat.	Våtk. Wet comp.	Fgj. Comp. fert.
3-5 dagar etter gjødsling om våren..... 3-5 days after slurry application in spring	9,6	12,3	17,6	2,7	3,1	5,2
15-20 dagar etter gjødsling om våren..... 15-20 days after slurry application in spring	15,4	18,3	19,5	6,3	6,3	7,4
30-40 dagar etter gjødsling om våren..... 30-40 days after slurry application in spring	22,4	22,0	30,1	14,4	15,6	18,0
Om hausten, etter avslutta vekst In autumn, after end of growth	14,4	14,8	14,8	8,5	8,5	10,7
LSD 5 %	7,3	7,6	7,3	6,1	7,3	6,1

Tabell 6. Infiltrasjon 3-5 dagar etter gjødsling om våren og 30-40 dagar seinare. Medel for 1987 og 1988 på seks forsøksstader, mm pr. time.

Table 6. Effects of untreated cattle slurry and a compound fertilizer on water infiltration rates (mm per hour). Measurements 3-5 and 30-40 days after slurry application in spring. Means of two years on six sites.

